



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 65. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
den 64. generalforsamlinga i FN

Innhald

1	Samandrag	5	6.5	Rasisme	25
1.1	Felles svar på felles utfordringar?	5	6.6	Urfolk	25
1.2	Sentrale område for Noreg under GF65	7	6.7	Vern om menneskerettane i kampen mot terrorisme	25
1.3	Oppsummering av komitéarbeidet	10	6.8	Vald mot kvinner	25
2	Konstituering og val	12	6.9	Barns rettar	25
2.1	Avslutning av GF64 og opning av GF65	12	6.10	Rettane til personar med funksjonsnedsetjingar	26
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 65. generalforsamlinga	12	7	Avkolonisering og fredsbevarande operasjonar (4. komité)	27
2.3	Val	12	7.1	Fredsbevarande operasjonar	27
3	Saker i plenum	13	7.2	Midtausten-resolusjonene	28
3.1	Kampen mot fattigdom	13	7.3	FNs bistand til palestinske flyktningar (UNRWA)	28
3.2	Globale helsespørsmål	13	7.4	Avkolonisering og Vest-Sahara	29
3.3	Regionale konflikhtar	13	8	Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)	30
3.4	Menneskerettar	14	8.1	Generelt	30
3.5	Tryggingrådet	15	8.2	Personalforvaltingsreform	30
3.6	Humanitære spørsmål	15	8.3	Harmoniserte feltvilkår for FN-tilsette	30
3.7	Sterkare deltaking for EU i FN-arbeidet	16	8.4	Ettersyn og internkontroll	31
3.8	Havretts- og fiskerispørsmål	16	8.5	FNs programbudsjett	31
3.9	Terrorisme	17	9	Juridiske spørsmål (6. komité)	32
3.10	Dei internasjonale domstolane	17	9.1	Generelt	32
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	19	9.2	Terrorisme	32
4.1	Nedrustingsmaskineriet	19	9.3	Folkerettskommisjonen	33
4.2	Kjernevåpen	19	9.4	Universaljurisdiksjon	33
4.3	Andre masseøydeleggingsvåpen ..	20	Vedlegg		
4.4	Konvensjonelle våpen	20	1	Noregs tale på FN's tusenårs mål-toppmøte, FN's generalforsamling, New York, 20. september 2010	34
5	Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)	22	2	Noregs hovudinnlegg i FN's 65. generalforsamling, New York, 29. september 2010	36
5.1	Generelt	22	3	Oversikt over Noregs innlegg under den 65. generalforsamlinga	38
5.2	Makroøkonomiske spørsmål	22	4	Programbudsjettet 2010-2011	39
5.3	Miljøspørsmål	23	5	FN sine medlemsland og bidragskalaen	40
5.4	Andre spørsmål	23	6	FN-systemet	46
6	Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité) ..	24	7	Forkortingar	47
6.1	Generelt	24			
6.2	Rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT)	24			
6.3	Dødsstraff	24			
6.4	Menneskerettssituasjonen i enkeltland	25			



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 23

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 6. mai 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Felles svar på felles utfordringar?

Verda står overfor krevjande utfordringar som er knytte til mellom anna fred og tryggleik, utvikling og menneskerettar. Behovet for ein global møteplass er stort. Det deltok over 100 stats- og regjeringssjefar under toppmøtet om tusenårsmåla og opninga av Generalforsamlinga, og dette stadfestar nok ein gong den sentrale plassen FN har som møteplass og arena for diskusjon om dei felles utfordringane våre, FN som normsetjar og FN som aktør.

Ti år etter tusenårserklæringa var det store forventningar til toppmøtet om tusenårsmåla som fann stad 20.–22. september 2010. Dei åtte tusenårsmåla vart vedtekne i 2000 og skal vere oppfylde innan 2015. Frå norsk side var vi opptekne av å markere norske kjernesaker som oppfølging av tusenårsmåla, særleg reduksjon av barne- og

mødredødstala, likestilling og kvinnerettar, samanhengen mellom miljø, klima og utvikling, menneskerettsperspektivet, kampen mot væpna vald og rettferdig fordeling av ansvar for oppnåing av tusenårsmåla. Sjølv om erklæringa frå møtet kom i hamn etter lange og til dels vanskelege forhandlingar, var det endelege resultatet ei stadfesting av den politiske viljen i medlemslanda til å gjennomføre måla. Medan generaldebatten under toppmøtet var konstruktiv og målretta, fekk debatten i Generalforsamlinga eit meir retorisk og polarisert preg. Det mest utprega eksempelet på dette var innlegget til Irans president som mellom anna antyda at angrepet på Twin Towers var regissert av amerikanarane sjølve. I det norske hovudinnlegget vart det då òg beklaga at FN's generalforsamling vart brukt som arena for ekstreme ytringar.

På same måten som tidlegare år kan ein spore ei polarisering mellom landa i nord og sør om enkelte politisk følsame spørsmål som menneskerettar, ny økonomisk verdsorden, internasjonal handel, fiskeri og havrettsspørsmål. Denne polariseringa kjem som følgje av at enkelte aktive og pågåande land i G77 (samordningsmekanismen til utviklingslanda på det sosiale og økonomiske området) og den alliansefrie rørsla (NAM) i stor grad avgjer kva posisjonar desse gruppene skal ha. Dette gjer det vanskelegare å nå kompromissløyningar og gjev meir moderate utviklingsland mindre handlingsrom.

Det høyrer vidare med til biletet at den omfattande samordninga i EU òg tidvis fører til ei sementering av posisjonane landa har. For Noreg har det difor vore ei oppgåve å arbeide nært med likesinna land på tvers av regionale grupper med sikte på å nå fram til samlande løysingar. Eit eksempel på dette er initiativet frå utanriksministeren innanfor global helse og utanrikspolitik. Noreg har òg i andre samanhengar, m.a. på nedrustingsområdet, søkt å arbeide på tvers av etablerte regionar. Som tidlegare har Noreg vidareført samarbeidet med nærstående land, som dei nordiske landa, EU-kretsen og vestlege land utanfor EU. Det har vore positivt å registrere at USA i fleire samanhengar har vore ein god medspelar.

Det vil openbert vere behov for å arbeide på tvers i budsjettdiskusjonen neste år om finansieringa av FN-verksemnda. Årets sesjon var eit mellomår i spørsmålet om vedtaking av det toårige regulære FN-budsjettet. Mykje av arbeidet i haust vart vigd til reform av personalpolitikken, som i seg sjølv var vanskeleg nok. Neste sesjon vil måtte vedta eit nytt budsjett for FN, og fleire land har signalisert tydeleg at dei ikkje vil akseptere nokon auke. Det er såleis stor fare for auka polarisering mellom dei vestlege landa som ønskjer effektivisering og nedskjeringar, og G77-landa som er tilhengjarar av større budsjett. Dei fryktar at reformer og meir effektive arbeidsmetodar vil kunne brukast som påskot for nedskjeringar. Denne polariseringa fører til at alle forslag om effektivisering vert sedde på med mistru.

Noreg har ei krevjande oppgåve med å understreke at det trengst reformer, samtidig som FN må få nok ressursar til å utføre oppgåvene sine. I den samanhengen har Noreg vore ein pådrivar for at det skal sikrast ei betre og meir påliteleg finansiering av aktivitetane til FN innanfor konfliktløysing, fredsbygging og humanitær verksemd. Utfordringa er å overtyde land som går inn for nullvekst, om at FN må få nødvendige ressursar til kjerneoppgåver som organisasjonen utfører som

global fredsbevarar, samtidig som det er opplagt at ei rekkje G77-land snarare vil prioritere at knappe ressursar vert brukte på utviklingsområdet.

Det er viktig at finansieringss spørsmålet ikkje fører til at arbeidet med FN-reform vert skadelidande. Det er enda meir nødvendig at FN styrker samordninga av bistandsverksemda på landnivå og når fram til dei som treng hjelp, så effektivt som råd er. Men det vert òg stadig klarare at måten gjevarland finansierer fond og program på, bidreg til eit fragmentert FN som har problem med å planleggje og koordinere innsatsen. Det rår i dag ein viss reformtrøytteleik blant medlemslanda. Dette ser ein òg i spørsmålet om å gjere FNs tryggingråd meir representativt og ope.

Eit høgdepunkt under årets sesjon av FNs generalforsamling var opprettinga av UN Women, for å styrkje ein koordinert innsats innanfor likestilling og fremjing av kvinnerettar. Dette var ei av dei viktigaste tilrådingane frå høgnivåpanelet for FN-reform som vart leidd av statsminister Stoltenberg og dei dåverande statsministrane i Mosambik og Pakistan. Nettopp likestillingspolitikken kom sterkt i framgrunnen under denne sesjonen av Generalforsamlinga og ikkje minst i FNs tryggingråd, der tiårsjubileet for tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik vart markert. Generalsekretær Ban Ki-moon har òg synt eit stort engasjement i å rekruttere kvinner til leiande stillingar i FN-sekretariatet. Noreg hadde stort utbytte av det nære samarbeidet med Ban Ki-moon for å fremje den globale strategien for helsa til kvinner og barn.

Eit viktig høgdepunkt i haust var at det lukkast å få omgjort eit svært uheldig vedtak i 3. komité som klart ville ha svekt rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Eit sterkt innlegg frå generalsekretæren til forsvar for rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar på den internasjonale menneskerettsdagen 10. desember bidrog nok til at ein i plenum fekk omgjort vedtaket.

Arbeidet i generalsekretærens rådgjevingsgruppe for klimafinansiering som vert leidd av statsminister Jens Stoltenberg og Meles Zenawi har vore eit av dei viktigaste initiativa i FN på klimaområdet denne hausten. Rapporten vart godt motteken, men det har så langt ikkje kome noka konkretisering av økonomiske forpliktingar knytte til klimafinansiering. Miljø og berekraftig utvikling har stått i fokus gjennom høgnivåmøtet om biologisk mangfald og dei første førebuingane til konferansen om berekraftig utvikling i Rio i 2012.

Debatten om kva rolle FN skal spele i den internasjonale økonomiske arkitekturen, var mindre intens ettersom finanskrisa som hadde stått sentralt i 2009 og inn i 2010, ikkje fekk så sterke verknader for utviklingslanda som lenge frykta. Ei arbeidsgruppe om finanskrisa og FN som vart leidd av Noregs FN-ambassadør Morten Wetland og kollegaen hans frå Zambia, har òg bidrege til ein meir pragmatisk debatt. Innsatsen frå Sør-Korea for å gjere formannskapsperioden sin i G20 meir inkluderande bidrog òg til å dempe kampånden frå utviklingslanda si side, saman med ei generelt ganske god økonomisk utvikling og lågare matvareprisar i store delar av 2010.

Presidenten for Generalforsamlinga, sveitsaren Joseph Deiss, gjorde rolla FN spelar i globalt styresett, til eit hovudtema for arbeidet sitt då han tiltredde. Det har funne stad fleire debattmøte i Generalforsamlinga. Initiativet har likevel ikkje bidrege til å auke aktiviteten til medlemslanda i nemneverdig grad, og det har ikkje kome konkrete endringsforslag for å gjere FN meir effektivt og relevant på det økonomiske området.

1.2 Sentrale område for Noreg under GF65

I Generalforsamlinga i FN kan norske prioriteringar og norsk FN-politikk fremjast og synleggjerast gjennom deltaking på høgnivåmøta, på regulære møte i plenum og komiteane, i og gjennom dei bilaterale møta som finn stad i marginen av særleg dei store høgnivåmøta.

Kampen mot fattigdom

Toppmøtet om tusenårsmåla hadde som føremål å vurdere framgangen sidan måla vart vedtekne av FN i 2000, og å treffe tiltak for å akselerere framgangen fram mot fristen i 2015. Møtet stadfesta rolla FN spelar som arena for fastsetjing av globale utviklingspolitiske mål og etablering av felles forståing for kvar verda står i kampen mot fattigdom. Høgnivåmøtet munna ut i ei slutterklæring som alle medlemslanda i FN slutta seg til. Noreg fekk mellom anna gjennomslag for at arbeidet med reduksjon av barnedødstal og med mødre-helse må prioriterast.

Helse

Under Generalforsamlinga stadfesta Noreg posisjonen som ein sentral aktør innanfor helse. FNs

generalsekretær lanserte ein handlingsplan for helse til kvinner og barn under høgnivåmøtet, der Noreg hadde stått sentralt i utviklinga. Så langt har planen mobilisert rundt USD 40 milliardar, i tillegg til politiske forpliktingar frå leiarar frå utviklingsland om korleis dei vil jobbe framover for å nå tusenårsmåla. Initiativet frå utanriksministeren innanfor global helse og utanrikspolitikk vart ytterlegare styrkt gjennom eit eige utanriksministermøte i sjulandsgruppa (Noreg, Brasil, Thailand, Frankrike, Indonesia, Senegal og Sør-Afrika) der ministrane vedtok ei erklæring som fastset prioriteringar for samarbeidet vidare. Brasil leidd forhandlingane om resolusjonen om utanrikspolitikk og global helse på vegner av sjulandsgruppa. Resolusjonen fekk stor oppslutning og vart vedteken av Generalforsamlinga.

Innovativ finansiering

Noreg understreka at finansieringa av tusenårsmåla må styrkjast gjennom nye og andre finansieringsmåtar, mellom anna ei finanstransaksjonsavgift til inntekt for utvikling. Saman med Frankrike, Spania, Belgia, Japan og Brasil underteikna miljø- og utviklingsministeren på vegner av regjeringa ei erklæring til støtte for ei finanstransaksjonsavgift til inntekt for utvikling. Noreg leidd vidare arbeidet med resolusjonen om innovativ finansiering.

Trygve Lie-symposiet: Næringslivets respekt for menneskerettane

Utanriksminister Jonas Gahr Støre leidd det årlege Trygve Lie-symposiet under opninga av den 65. generalforsamlinga. Symposiet var i år vigd til dei norskeleidd forhandlingane om menneskerettar og næringsliv i FN. Harvard-professor John Ruggie leier på vegner av FNs generalsekretær arbeidet med å utvikle retningslinjer for ansvaret næringslivet har for å respektere menneskerettane. Sør-Afrika, Russland og Argentina deltok på politisk nivå. Saman med Nigerias FN-ambassadør bidrog dei med tverrregional og sterk støtte til arbeidet professor Ruggie gjer. Retningslinjene skal leggjast fram for FNs menneskerettsråd i juni 2011.

Biologisk mangfald

2010 var det internasjonale året for biologisk mangfald, og det vart gjort store framsteg i løpet av året. FNs generalforsamling organiserte ein høgnivådebatt der naturmangfald var temaet. Mil-

jø- og utviklingsminister Solheim var ein av paneldeltakarane. Det tiande statspartmøtet for FN konvensjonen om biologisk mangfald møttest i Nagoya i Japan. Etter seks år med intense forhandlingar FN med å oppnå ein viktig avtale på naturmangfaldområdet. Generalforsamlinga vedtok i fjor haust ein resolusjon som legg grunnlaget for etablering av naturmangfaldspanelet som ein håpar kan verte like profilert som FN's klimapanel.

Klima

Statsminister Jens Stoltenberg og Etiopias statsminister Meles Zenawi la, som leiarar av rådgjevingssgruppa til generalsekretæren for klimafinansiering, i oktober fram ein rapport om korleis industrilanda skal kunne innfri forpliktingane frå København-toppmøtet om 100 milliardar dollar årleg til klimatiltak i utviklingsland. Rapporten legg til grunn at den ambisiøse målsetjinga kan realiserast gjennom ei blanding av offentlege og private finansieringskjelder og ein pris på mellom 20 og 25 dollar per tonn utslepp av karbondioksid. Det følgjer av dette at inntektene til klimatiltak vil auke i takt med utsleppsprisen, samtidig som alternative energikjelder vert meir attraktive. Cancun-toppmøtet i desember merkte seg denne rapporten.

Skog

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim og Indonesias miljøminister presenterte i samband med opninga av Generalforsamlinga klima- og skogpartnerskapen mellom dei to landa, med det føremålet å trekkje fleire gjevjarland til samarbeidet i forkant av toppmøtet i Cancun. Til stades var mellom andre utanriksminister Kevin Rudd frå Australia, USAs klimautsending Todd Stern og investor og filantrop George Soros, i tillegg til representantar frå sentrale FN-organisasjonar som UNEP, UNDP, Verdsbanken, FAO og UNESCO og høgare embetsmenn frå Tyskland, Danmark, Sverige, Japan og Storbritannia.

Havrett og fiskeri

To viktige saker for Noreg under resolusjonsforhandlingane om havretts- og fiskerispørsmål var kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske og behovet for gode regionale verkemiddel for vern av det marine miljøet på det opne havet. Men forhandlingsklimaet i FN er no lite gunstig for å styrkje samarbeidet om desse spørsmåla.

Fredsmekling

Utanriksministeren deltok i eit finsk-tyrkisk initiativ om å tydeliggjere nytta av fredsmekling som verkemiddel for konfliktførebygging, konfliktløsning og fredsbygging. Initiativet har som siktemål å få vedteke ein resolusjon om fredsmekling på vårsesjonen av FN's generalforsamling og vidareføre dialogen blant medlemslanda i FN om korleis ein best kan støtte opp om fredsmeklarar. Noreg var invitert til å delta i gruppa som skulle utforme resolusjonsutkastet på grunn av det omfattande engasjementet vi har for konfliktløsning og fredsbygging. Noreg har i konsultasjonane om resolusjonen lagt stor vekt på å styrkje rolla FN spelar på dette området, og vore ein pådrivar for at kvinner i langt større grad vert trekte inn i fredsprosessar.

UN Women

Etter vedtaket i juni 2010 vart den nyaste FN-organisasjonen – United Nations Entity for Gender Equality and the Empowerment of Women eller UN Women – formelt etablert 1. januar 2011. Noreg bidrog aktivt til å framforhandle samansetjinga av styret og var vitne til utnemninga av Chiles tidlegare president, Michelle Bachelet, som den første leiaren av UN Women. I eigenskap av å vere UN Womens nest største finansielle bidragsytar, i tillegg til at vi har omfattande erfaring på likestillingsfeltet, vart Noreg vald inn i styret for den første treårsperioden. Etableringa av UN Women er eit historisk gjennombrøt for likestilling og kvinnerettar. Utfordringa no vert å sikre organisasjonen ei tydeleg retning, økonomiske ressursar og politisk handlingsrom.

Kvinner, fred og tryggleik

Tiårsjubileet for tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik vart markert med open debatt på ministernivå i slutten av oktober. Forsvarsminister Grete Faremo representerte Noreg. Ho markerte den leiande rolla vi har på dette prioriterte feltet, både gjennom å leggje fram ei rekkje nasjonale tiltak og som ein synleg støttespelar for FN. Mellom anna bidrog Noreg til å sikre ei klar rolle for UN Women i arbeidet med å styrkje gjennomføringa av resolusjonen.

Sudan

Generalsekretæren tok initiativ til å halde eit høgnivåmøte om Sudan der m.a. president Obama

deltok. Møtet munna ut i ei erklæring som understreka at det er nødvendig at fredsavtalen av 2005 vert gjennomført, mellom anna ved at folkeavstemmingane om den framtidige statusen til Sør-Sudan vert haldne innanfor dei gjevne tidsfristane. Noreg spelte ei aktiv rolle i framforhandlinga av erklæringa. I ettertid kan det sjå ut som den auka internasjonale merksemda om Sudan bidrog til at folkeavstemminga i Sør-Sudan vart halden utan alvorlege hendingar. Utfordringa vert å sikre ein varig fred mellom nord og sør og sikre framgang i Darfur, der utviklinga ikkje har vore oppløftande. Sudan har vore ei av dei sentrale sakene på dagsordenen til Tryggingrådet i 2010.

Somalia

Generalsekretæren arrangerte òg eit minitoppmøte om Somalia for å støtte opp om fredsprosessen i landet, som er i ein kritisk fase. Eit av føremåla med møtet var å leggje press på overgangsstyresmaktene i Mogadishu. Det ser ut til at initiativet frå generalsekretæren har hatt ein gunstig verknad. Nokre månader seinare fekk overgangsstyresmaktene samla seg til å utnemne ei ny og meir handlekraftig regjering. Tryggingrådets engasjement overfor Somalia har dels vore retta mot fredsprosessen og dels mot kampen mot sjørøveri utanfor Somalia. Tryggingrådet vedtok i desember å styrkje fredsoperasjonen Den afrikanske unionen (AU) har i Somalia, med 4000 soldatar. Noreg leier vennegruppa for Somalia i New York.

Nedrusting

Som følgje av den vellukka tilsynskonferansen for avtalen om ikkjepreiring av atomvåpen (NPT) i mai 2010 tok generalsekretæren initiativ til eit høgnivåmøte for å sikre framgang i dei multilaterale forhandlingane om kjernefysisk nedrusting. Sentrale forhandlingsfora som Nedrustingskonferansen i Genève (CD) har vore handlingslamme i nærare 15 år. Det er lite som tyder på at partane i CD vil verte samde om eit arbeidsprogram som gjer at det kan setjast i gang forhandlingar om m.a. oppfølgingspunkt i handlingsprogrammet som vart vedteke på tilsynskonferansen for ikkjepreiringsavtalen. Nesten alle land, inkludert Noreg, slutta opp om initiativet frå generalsekretær Ban Ki-moon for ei verd fri for kjernevåpen. Noreg var òg med på å leggje fram ein resolusjon om dette spørsmålet i FN's generalforsamling, og spørsmålet vil kome opp på nytt under sesjonen neste år.

Midtausten (AHLC)

Noreg var aktivt engasjert i Midtausten-spørsmål under høgnivåveka, særleg i kraft av formannskapet i gjevarlandsgruppa AHLC (Ad Hoc Liaison Committee) og gjennom ei rekkje bilaterale samtalar for utanriksministeren. Møtet i gjevarlandsgruppa vart halde 21. september i New York og leidd av utanriksminister Støre. Det fann stad i forkant av møtet mellom Midtausten-kvartetten og den arabiske kontaktgruppa, der utanriksminister Støre deltok i kraft av rolla som leiar for gjevarlandsgruppa.

AHLC-møtet stadfesta støtta til det palestinske regjeringsprogrammet om å etablere ein palestinsk stat i løpet av september 2011 og merkte seg ytterlegare framgang i arbeidet med å byggje ein palestinsk stat. Møtet stadfesta òg at statsbyggingssporet er avhengig av framdrift i det politiske forhandlingssporet, sidan ei utviding av det palestinske økonomiske handlingsrommet først og fremst er eit politisk spørsmål som må løysast gjennom forhandlingar. Statsbyggingssprosjektet og fredsforhandlingane utfyller kvarandre og finn stad til same tid. Det var brei semje om at det er nødvendig å vidareføre bistanden til dei palestinske styresmaktene i denne kritiske fasen.

Menneskerettar

Djup usemje om vern av religionar og godkjenning av seksuell orientering som diskrimineringsgrunnlag kjenneteikna haustens 3. komité. På nytt stadfesta skiljet mellom vestlege og i aukande grad latinamerikanske land på den eine sida og muslimske og afrikanske land på den andre sida trendar frå tidlegare sesjonar i Generalforsamlinga og Menneskerettsrådet.

I lys av dette er det verd å merkje seg at Ban Ki-moon som første generalsekretær heldt eit sterkt innlegg til forsvar for rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar på den internasjonale menneskerettsdagen 10. desember. I talen annonserte Ban at FN skal engasjere seg sterkare for avkriminalisering av homofili på verdsbasis. Noreg var blant initiativtakarane til arrangementet.

Noreg var òg sentrale i utarbeidinga av resolusjonen mot bruk av dødsstraff. Initiativet, som er blant dei mest kontroversielle i FN, fekk fleire ja-stemmer og langt færre nei-stemmer enn då spørsmålet sist vart behandla for to år sidan (2010: 107 ja – 38 nei – 36 avståande mot 2008: 105 – 48 – 31). Resultatet er eit viktig politisk signal om at

trenden i retning av global avskaffing av dødsstraff held fram.

Eit større tal kontroversielle resolusjonar om religions- og trussørsmål vart vedtekne av Generalforsamlinga. Muslimske land har i mange år kravd at religionar skal vernast mot nedsetjande omtale, medan vestlege land peiker på at det berre er enkeltpersonar som nyt godt av religionsfridom og vern mot hatefulle ytringar. Fleire av resolusjonane er problematiske både på grunn av potensiell utvatning av religionsfridomsomgrepet og på grunn av plassen religionar og trussamfunn har i FN.

Det var òg djup usemje om fokus på rettane til narkomane. Noreg var sentral i siste fase i arbeidet med eit kompromiss på dette feltet.

1.3 Oppsummering av komitéarbeidet

1. komité

Årets sesjon i 1. komité vart i stor grad prega av debatten om det mellomstatlege forhandlingsapparatet og spesielt utsiktene til å få i gang multilaterale forhandlingar om kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing i lys av m.a. det nye handlingsprogrammet som vart vedteke på NPTs tilsynskonferanse i mai 2010. Noreg tilhørte ein krets land som støtta opp om initiativet frå generalsekretær Ban Ki-moon for å få Nedrustingskonferansen (CD) ut av den fastlåste situasjonen som har gjort det umogeleg å få i gang forhandlingar på nærare 15 år, gjennom ein eigen resolusjon. USA og Russland fekk vedteke ein resolusjon om START-avtalen utan votering, men etter vanskelege forhandlingar med landa i den alliansefrie rørsla.

Noreg var medforslagsstillar for to sentrale resolusjonar om vegen til ei kjernevåpenfri verd, som var lagde fram av høvesvis Ny agenda-koalisjonen (Sverige, New Zealand, Irland, Mexico, Brasil, Sør-Afrika) og Japan. Noreg var med på å utforme ein resolusjon om likestilling og nedrusting, som til slutt vart vedteken med konsensus. Noreg hadde ansvaret for å leggje fram resolusjonen om minekonvensjonen, og denne resolusjonen fekk brei oppslutning. Det vart i år gjeve stor merksemd til den generelle handvåpenresolusjonen på grunn av usemje om denne resolusjonen skulle uttrykkje ønske om å styrkje FN's handlingsprogram for kamp mot ulovleg omsetning av handvåpen. Noreg stemte for ein resolusjon som tek opp spørsmålet om moglege skadeverknader ved utarma uran.

2. komité

Arbeidet i 2. komité slit med å finne ei meir effektiv form. I år var det heile 40 resolusjonar som vart behandla. Det er ein aukande trend at det vert fleire avstemmingar, noko som ikkje har vore vanleg i 2. komité. Nokre land vil ikkje ta inn over seg dei store endringane i dei økonomiske og geopolitiske forholda i verda. Innanfor ramma av G77 vert det framleis lansert resolusjonar som har vore gjengangarar sidan 80-talet, og som i liten grad speglar situasjonen i ein globalisert verdsøkonomi. Toneangevande land i G77 ser seg tydelegvis ikkje tente med å endre dynamikken i dei mellomstatlege forhandlingane på det økonomiske og sosiale området. Dette bidreg til å svekkje verdien av arbeidet FN gjer med økonomiske spørsmål. Komiteen behandla òg viktige resolusjonar, og på område som ulovleg kapitalflukt, innovativ finansiering, FN's arbeid med kriseførebygging og etableringa av naturmangfaldspanelet var Noreg med på å utforme store framsteg.

3. komité

Djup usemje om vern av religionar og godkjenning av seksuell legning som diskrimineringsgrunnlag kjenneteikna 3. komité denne hausten. Skiljet mellom vestlege og i aukande grad latinamerikanske land på den eine sida og muslimske og afrikanske land på den andre sida stadfesta trenden frå tidlegare sesjonar i Generalforsamlinga og Menneskerettsrådet. Dødsstrafferesolusjonen som var Noregs hovudprioritering under sesjonen, var òg splittande, men ikkje langs regionale linjer. Noreg inngjekk i den koordinerande gruppa av land frå alle regionar som fekk stadfesta – med høgare stemmetal – den globale trenden i retning av avskaffing av dødsstraff. Noreg spelte sameleis ei viktig rolle i å sikre at urfolksrepresentantar fekk ta del i førebuingane til verdskonferansen om rettane til urfolk som skal finne stad i 2014. Komiteen vedtok òg resolusjonar om menneskerettssituasjonen i Iran, Burma og Nord-Korea, alle med auka oppslutning.

4. komité

Som i tidlegare år vart debatten i 4. komité dominert av Midtausten-spørsmålet og FN's fredsbevarande operasjonar. Etter ein periode med vedvarande vekst i talet på personell ser det no ut til operasjonane er inne i ein konsolideringsfase med rundt 120 000 personar i 14 operasjonar. Noreg fokuserte på same måte som mange andre land på

vern av sivile som ei hovudutfordring, mellom anna ved å motverke seksuell vald mot kvinner. Det var generell oppslutning om den pågåande reformprosessen, der målsetjinga er å styrkje evna til å gjennomføre stadig meir komplekse operasjonsmandat i til dels svært krevjande omgjevnader. Realitetsbehandlinga av dei ni Midtausten-resolusjonane i komiteen skilte seg i liten grad frå tidlegare år. Alle resolusjonane vart vedtekne med solid ja-margin unnateke Spesialkomitéeresolusjonen der over ein tredel av medlemslanda i FN avstod, mellom dei Noreg. Hovudmønsteret frå tidlegare års realitetsbehandling ligg difor fast, der Israel som einaste land stemte imot alle resolusjonane fordi dei meiner resolusjonane er einsidige og partiske. Den årlege debatten om FN's organisasjon til støtte for palestinske flyktningar stadfesta at det er behov for å styrkje UNRWA økonomisk, og at dette er eit kollektivt ansvar for både gjevarane og FN. Det er framleis skeiv byrdefordeling blant gjevarane, der dei største bidraga kjem frå ei mindre gruppe vestlege land.

Spørsmålet om avkolonisering av dei 16 resterande ikkje-suverene territoria står framleis på dagsordenen, men ber preg av liten framgang. Av desse territoria fekk Vest-Sahara størst merksemd.

5. komité

Arbeidet i 5. komité vart prega av finanskrisetider og til dels polarisert forhandlingsklima. Dette var eit «mellomår» i forhandlingane om FN's toårige budsjett. Fokuset vart difor retta mot spesifikke programområde og FN-reform. Komiteen vart samd i to omfattande resolusjonar som vidarefører arbeidet med personalreform. Mellom anna skal kontrakts- og rekrutteringssystemet fornyast,

og FN skal få harmoniserte feltvilkår for tilsette i heile organisasjonen. Budsjett og stillingsheimlar for høvesvis UN Women og den nye spesialrepresentanten for seksuell vald i konflikt vart vedtekne, i tillegg til finansiering av ei rekkje fredsbevarande og politiske oppdrag, m.a. for Sudan, Afghanistan og Haiti. Komiteen behandla òg spørsmålet om ettersyn av korleis FN bruker midlane sine. Generelt i komiteen la Noreg vekt på at det ikkje er nokon motsetning mellom å vurdere kritisk dei budsjettforslaga som FN-sekretariatet legg fram, og samtidig sikre at FN får tilstrekkelege ressursar til å oppfylle dei mandata som medlemslanda har gjeve. Vidare la Noreg vekt på kor viktig det er å sikre ein reformprosess som er grundig forankra i operative omsyn, slik at ein i størst mogeleg grad unngår utilsikta konsekvensar som kan føre til at FN i felt mistar evna til å rekruttere dei beste til teneste.

6. komité

Alle resolusjonane vart, som tidlegare, vedtekne med konsensus. Dette speglar likevel til ein viss grad at komiteen heller ikkje i år sette følsame spørsmål på spissen. Dermed bar arbeidet i komiteen preg av å vere vidareføringar av tidlegare vedtak. Eit unntak gjeld for dagsordenspunktet om universaljurisdiksjon, dvs. om ein stat skal ha høve til å straffeforfølgje utlendingar for handlingar som er utførte i utlandet. Dette temaet har kontroversielle element fordi enkelte afrikanske land meiner at universaljurisdiksjon kan brukast som eit politisk verkemiddel mot styresmaktene i afrikanske land. Komiteen vart samd om å opprette ei arbeidsgruppe for å vurdere spørsmål relaterte til universaljurisdiksjon under neste generalforsamling.

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av GF64 og opning av GF65

Den 64. generalforsamlinga vart formelt avslutta 14. september 2010, og den 65. generalforsamlinga vart opna same dagen. Generaldebatten starta 23. september og vart avslutta 29. september.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 65. generalforsamlinga

Noregs delegasjon under FNs 65. generalforsamling:

Statsminister Jens Stoltenberg, leiar
 Utanriksminister Jonas Gahr Støre, nestleiar
 Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, nestleiar
 Ambassadør Morten Wetland
 Ambassadør Tine Mørch Smith

Stortingsrepresentantar:

1. del av sesjonen:

Trygve Magnus Slagsvold Vedum
 Linda Cathrine Hofstad Helleland
 Tove Karoline Knutsen
 Jørund Rytman
 Per Arne Olsen
 Gina Knutson Barstad

2. del av sesjonen:

Helga Pedersen
 Arild Stokkan-Grande
 Irene Johansen
 Morten Høglund
 Ingjerd Schou
 Kjell Ingolf Ropstad

Observatørar:

FN-sambandet
 Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)
 NGO-forum ved Helsingforskomiteen
 Forum for kvinner og utviklingsspørsmål (FOKUS)
 Landsorganisasjonen (LO)
 Mellomkyrkjeleg råd – Den norske kyrkja
 Norges Handelsorganisasjon (NHO)
 Norges fredsråd

2.3 Val

Presidenten for den 65. generalforsamlinga

Den 65. generalforsamlinga valde Joseph Deiss, tidlegare regjeringsmedlem over fleire periodar i Sveits, til president.

Tryggingsrådet

12. oktober 2010 valde Generalforsamlinga fem nye medlemmer til Tryggingsrådet for perioden 2011–2012. Colombia, Tyskland, India, Portugal og Sør-Afrika vart valde. Austerrike, Japan, Mexico, Tyrkia og Uganda overlet sine sete i Tryggingsrådet til dei nye medlemene ved årsskiftet.

3 Saker i plenum

3.1 Kampen mot fattigdom

Toppmøtet om tusenårsmåla hadde som føremål å vurdere framgangen sidan tusenårsmåla vart vedtekne av FN i 2000, og å planleggje for gjennomføring fram mot fristen i 2015. Tusenårsmåla handlar mellom anna om å halvere talet på fattige, skape universell tilgang til barneskuleutdanning, redusere dødstala blant barn under fem år med to tredelar og redusere mødre-dødstala med tre fire-delar. Deltakinga på høgnivåmøtet omfatta mellom anna 89 statsoverhovud og regjeringssjefar. I førebuingane til høgnivåmøtet presenterte utviklingsland sine eigne erfaringar i kampen mot fattigdom dei siste ti åra, og erfaringsdeling mellom land i sør var eit mål i seg sjølv.

Høgnivåmøtet stadfesta rolla FN spelar som arena for fastsetjing av globale utviklingspolitiske mål og etablering av felles forståing for kvar verda står i kampen mot fattigdom og realisering av tusenårsmåla. Høgnivåmøtet munna ut i ei slutterklæring som alle medlemslanda i FN slutta seg til. Slutterklæringa vil vere retningsgjevande for internasjonalt utviklingssamarbeid fram mot 2015. Den gjev uttrykk for den samla viljefastleiken verdssamfunnet har i kampen mot fattigdom, og inneheld ein detaljert handlingsplan for å nå kvart av tusenårsmåla. Planen understrekar at utviklingsland har det primære ansvaret for eiga utvikling. Det var semje om at rolla til dei rike landa er å støtte opp om utviklingslanda sine eigne utviklingsplanar, mellom anna med bistand. Slutterklæringa understrekar òg samanhengen mellom utvikling og menneskerettar. Noreg fekk mellom anna gjennomslag for at arbeidet med barne-dødstal og mødre-helse ikkje minst må prioriterast. Bakgrunnen er at tusenårsmålet om mødre-helse har hatt minst framgang.

FNs generalsekretær lanserte ein handlingsplan for helse til kvinner og barn under høgnivåmøtet. Noreg hadde vore med på å utvikle denne planen, som vart ønskt velkomen av verdsleiarane. Generalsekretæren kunngjorde under høgnivåmøtet at han hadde sikra USD 40 millionar i bidrag til denne planen

3.2 Globale helse spørsmål

Oppfølginga av utanriksministerens initiativ om global helse og utanrikspolitikk vart ytterlegare styrkt og forankra i New York gjennom ein resolusjon med konkrete tilrådingar om mellom anna styringssystem for global helse og oppfølging av helsetusenårsmåla. Brasil leidde forhandlingane på vegner av sjulandsgruppa, der òg Sør-Afrika, Indonesia, Frankrike, Thailand, Senegal og Noreg er med, og som har som hovudføremål å setje koplinga mellom utanrikspolitikk og global helse på den internasjonale dagsordenen. Det var spesielt gledeleg at USA, India og Kina, som er nøkkel-land for å ta dette initiativet vidare, denne gongen valde å vere medforslagsstillarar til resolusjonen. Dette syner at brei forankring på tvers av tradisjonelle grupperingar verkar samlande i spørsmål der det er sprikande interesser.

Generalforsamlinga vedtok òg resolusjonar om organiseringa, formatet og innhaldet av dei to høgnivåmøta om helse som skal haldast i New York i 2011 – om hiv og aids i juni og om ikkje-smittsame sjukdomar i september. Noreg la vekt på og fekk gjennomslag for at høgnivåmøta skal vere inkluderande, og at dei skal munne ut i handlingsretta sluttdokument.

3.3 Regionale konflikter

Midtausten

Den årlege debatten om Midtausten vart, som tidlegare år, dominert av arabiske land, der FN's generalforsamling vedtok dei seks årlege Midtausten-resolusjonane med stort fleirtal. Resolusjonane omhandlar høvesvis FN's komité og divisjon for palestinske rettår, FN's informasjonseining for Palestina-spørsmålet, ei fredeleg løysing på Midtausten-konflikten og status for Jerusalem og syrisk Golan. Stemmemonsteret var stort sett det same som tidlegare år, som følgje av at resolusjonstekstane i liten grad var endra. Alt i alt gjev det overveldande fleirtalet i tre av resolusjonane og det lave talet på neistemmer eit inntrykk av brei internasjonal semje om innhaldet i resolusjo-

nane. Dette står i sterk kontrast til at dei fleste vestlege land, mellom dei Noreg, tidlegare avstod på tre av resolusjonane. Sjølv om mange vil meine at talet på resolusjonar kunne reduserast, er likevel biletet at fleirtalet av resolusjonane er balanserte og ikkje einsidige og politiserte.

Noreg er på lik linje med dei fleste vestlege land skeptisk til grunnlaget for dei to resolusjonane som omhandlar komiteen og kontoret i FN for palestinske rettar. Noreg meiner at desse to einingane medfører unødvendig bruk av ressursar frå FN's kjernebudsjett, og begge set uheldig presedens for resten av FN-systemet. Dei er kostbare og har liten påverknad på situasjonen på bakken. Deltakinga er òg einsidig og inkluderer ikkje Israel. Noreg stemte difor avståande på desse to resolusjonane og avstod som tidlegare på resolusjonen om syrisk Golan på grunn av den omstridde språkbruken knytt til grensespørsmålet. Noreg stemte som tidlegare år for dei tre resolusjonane som omhandlar ei fredeleg løysing, Jerusalem og FN's informasjonseining for Palestina-spørsmålet.

Debatten i forkant av realitetsbehandlinga av resolusjonane – der Noreg heldt innlegg – var elles prega av få overraskingar og vart som tidlegare dominert av arabiske land. Det kom fram brei støtte til tostatsløysinga (med unntak av Libya og Iran) og samla kritikk av israelske busetjingar, og Israel vart isolert i sitt syn på vidareført busetjingsaktivitet. Situasjonen i Gaza vart understreka av dei fleste landa, og Israel vart kritisert av alle land for ikkje å gjere meir for å opne grensene.

Afghanistan

Etter lange forhandlingar vart den årlege resolusjonen om situasjonen i Afghanistan godkjend med konsensus. Nesten hundre land stilte som medforslagsstillarar, mellom dei Noreg. Sjølv om det i år ikkje lukkast å redusere lengda på resolusjonen, er han likevel styrkt og justert på fleire område. Ikkje minst gjeld dette at resolusjonen er i tråd med hovudbodskapen i kommunikeet frå Kabul-konferansen i juli 2010 på område som var viktige for Noreg, slik som prinsippet om afghansk eigarskap og leiarskap. Resolusjonen er elles i tråd med Noregs syn på situasjonen i Afghanistan, og Noreg fekk støtte for dei fleste av endringsforslaga sine, særleg på områda godt styresett og menneskerettar.

Forhandlingane om resolusjonen var i år konstruktive og prega av mindre polarisering enn tidlegare, trass i kjende interesse motsetningar. Sivile

drap vart i mindre grad enn tidlegare eit vanskeleg tema som følgje av betra rutinar i NATO for å unngå dette. Iran forsøkte likevel å få inn ein skarp referanse til dekretet om private tryggingsselskap, men fekk berre støtte for ein generelt formulert referanse til dette. Dei tema det var knytt størst usemje til, var politisk dialog og forsoning, i tillegg til kampen mot narkotika.

Denne landresolusjonen går tilbake til 1979 og er den einaste i sitt slag i FN's generalforsamling. Sjølv om resolusjonen har få praktiske konsekvensar, har han likevel nytteverdi ved at han er med på å definere den breie internasjonale semja om situasjonen i landet. Resolusjonen er det einaste tilfellet der FN tek eit heilskapleg grep om situasjonen i Afghanistan utanom dei faste debattane i Tryggingrådet.

Kosovo

Etter den kosovoalbanske sjølvstendeerklæringa i februar 2008 tok Serbia eit initiativ under den 63. generalforsamlinga til å leggje fram spørsmålet om sjølvstendeerklæringa var folkerettsleg legitim, for den internasjonale domstolen (ICJ) i Haag. I 2008 fekk Serbia eit knapt, men tilstrekkeleg fleirtal for denne førespurnaden. Mange land som hadde godkjent Kosovo, meinte at ei opprivande behandling i ICJ ikkje ville tene den forsoningsprosessen som dei to statane måtte gjennomføre. Frå norsk side godkjende ein dette argumentet fullt ut, men la samtidig vekt på at høvet til å søkje ein slik rådgjevande uttale frå ICJ er nedfelt i FN-pakta og er eit fredeleg og demokratisk verkemiddel for tvisteløysing. For norsk syn var det òg viktig at førespurnaden om ein rådgjevande uttale ville gje moderate krefter i Serbia meir tid og ro. ICJ la fram den rådgjevande uttalen i juli 2010 og konkluderte med at sjølvstendeerklæringa ikkje braut folkeretten. Generalforsamlinga vedtok i kjølvatnet av denne uttalen ein samrøystes og viktig resolusjon som i praksis la den vidare diskusjonen om Kosovos sjølvstende død, og som dermed la grunnlaget for samtalar mellom dei to landa, tilrettelagde av EU. Begge ønskjer sterk integrasjon i europeiske strukturar, og denne generalforsamlingsprosessen viser tydeleg eit effektivt diplomati frå EU si side.

3.4 Menneskerettar

Det jordanske forslaget om etablering av ei eiga veke for interreligiøs harmoni vart til slutt vedteke ved konsensus, trass i protestar frå nokre

medlemsland. Å vareta forholdet til ein viktig alliert i Midtausten vog til slutt tyngre enn misnøya med at medlemslanda skulle uttale seg om kva verdiar religionar fremjar. På same måten vart resolusjonsforslaget frå Filippinane og Pakistan om interreligiøs dialog for fred vedteke utan avstemming. Her òg ønskte nokon lenge å ta teksten til avstemming, denne gongen på grunn av manglande vektlegging av rolla til enkeltmennesket – i motsetning til den kollektive rolla til trusamfunn, sivilisasjonar og statar – i å fremje interreligiøs dialog. Indirekte referansar til krenkjande omtale av religion var òg med på å gjere denne resolusjonen problematisk.

3.5 Tryggingsrådet

Under behandlinga i Generalforsamlinga av den årlege tryggingsrådsrapporten kom det fram velkjende synspunkt på reform av arbeidet i Tryggingsrådet. Fleire av dei alliansefrie landa ønskte seg ei sterkare kopling mellom Generalforsamlinga og Tryggingsrådet. Det vart òg etterlyst meir openheit. I spørsmålet om utviding av Tryggingsrådet ligg posisjonane til landa fast mellom dei som ønskjer utviding av både faste og ikkje-faste medlemmer, og dei som berre ser for seg utviding av ikkje-faste medlemmer. Sjølv om presidenten i Generalforsamlinga ønskjer å intensivere konsultasjonane i utvidingsspørsmålet, er det vanskeleg å sjå for seg ei løysing som vil kunne samle tilstrekkeleg og kvalifisert fleirtal. Derimot er det mykje som talar for at ein kan hente meir på måten Tryggingsrådet arbeider på, mellom anna ved å vere meir open og i sterkare grad engasjere land som bidreg med soldatar og politi til fredsbevarande operasjonar, og ikkje minst land som syner særskilt engasjement i dei enkelte landsituasjonane. I løpet av hausten har fokuset til Tryggingsrådet i stor grad vore retta mot Sudan og Somalia. I desember fekk utviklinga i Elfenbeinskysten stor merksemd. Tryggingsrådet makta ikkje å verte einig etter sommaren om korleis ein skulle reagere på den spente situasjonen på den koreanske halvøya. Rådet har i løpet av hausten gjennomført viktige tematiske debattar, som oppfølging av tryggingsrådsresolusjon 1325 og ein eigen debatt om seksualisert vald og vern av sivile.

Val til Tryggingsrådet

Det vart, som venta, eit spanande oppgjær i FN's generalforsamling for å velje fem nye ikkje-faste

medlemmer av Tryggingsrådet. For perioden 2011–2012 vil India, Sør-Afrika, Colombia, Tyskland og Portugal vere medlemmer av Tryggingsrådet saman med Bosnia-Hercegovina, Brasil, Gabon, Nigeria og Libanon som alle har eitt år att, i tillegg til dei fem faste medlemene. Medlemene som gjekk ut av Rådet ved utgangen av året, er Austerrike, Japan, Mexico, Tyrkia og Uganda. Spenninga knytte seg først og fremst til voteringa over dei tre kandidatane frå vestgruppa (Tyskland, Portugal og Canada) til to plassar i Rådet. Canada vart til slutt slått ut, noko som kom som ei overrasking på fleire. Ein generell observasjon er at den politikken det enkelte kandidatlandet står for i FN, vil vege tungt. Canada har i enkelte spørsmål, som Midtausten, stilt seg på sida av det store fleirtalet i FN. Dei andre regionale gruppene hadde på førehand vorte samde om kandidatane sine. Vi står dermed overfor ei samansetjing av Tryggingsrådet med uvanleg mange stormakter, gamle og nye, som gjer Rådet meir representativt for maktbalansen i den globale verdsordenen. Dette tyder likevel ikkje at Rådet vil verte meir handlingseffektivt, men at det kan få tilført større legitimitet dersom vi legg politiske og økonomiske maktpolitiske faktorar til grunn. Både Tyskland, Brasil og India ønskjer fast medlemskap i Tryggingsrådet. I tillegg aspirerer Sør-Afrika som kandidat dersom Afrika skulle få faste sete i Rådet.

3.6 Humanitære spørsmål

Jordskjelvet på Haiti og flaumen i Pakistan prega arbeidet med humanitære spørsmål i FN's generalforsamling i året som gjekk. Det kom fram ein del kritikk av FN si evne til å leie og koordinere hjelpearbeidet, samtidig som medlemslanda sjølv måtte bere ein vesentleg del av ansvaret for at det ikkje vart levert godt nok i felt. Den nye nødhjelpskoordinatoren i FN, Valerie Amos (UK), tiltrjedde i august og har frå første dag vist seg som ein god og synleg leiar. På same måte som forgjengarane sine slit ho med knappe ressursar og politiske utfordringar knytte til suverenitet og nasjonalt ansvar i mottakarlanda. Trass i alle appellar og tilsegner om støtte heldt FN's humanitære arbeid fram med å vere underfinansiert. Samtidig er det framleis slik at styresmaktene i enkelte land kan stikke kjeppar i hjula for internasjonalt hjelpearbeid. Noreg oppretthaldt dei store finansielle bidraga sine og tok aktivt del i utforminga av rammene for FN's humanitære arbeid, mellom anna som medlem av leiartrioikaen for gjevarlandsgruppa til FN's kontor for humanitær

koordinering (OCHA), der vi overtek formannskapet sommaren 2011.

3.7 Sterkare deltaking for EU i FN-arbeidet

Lisboa-traktaten avskaffar ordninga med rote-rande EU-formannskap for det utanrikspolitiske arbeidet i FN, og følgeleg tok EU initiativ til å få vedteke ein resolusjon som skulle gje EU som organisasjon høve til å tale på lik linje med medlemsstatar i FN. Etter gjeldande FN-prosedyrar har EU som organisasjon berre observatørstatus og vil dermed få taletid etter at alle medlemsstatane i FN har sagt sitt. Ei slik løysing er uholdbar for EU, som altså skal tale på vegner av dei 27 medlemslanda sine. Likevel lét det seg ikkje gjere for EU å få vedteke resolusjonsutkastet, trass i konsultasjonar over dei ti føregåande månadane. Resultatet vart at FNs generalforsamling vedtok ein prosedyresolusjon om å ikkje ta noka avgjerd. Dermed vart saka utsett i påvente av ytterlegare konsultasjonar frå EU si side. Dette var i praksis eit stort nederlag for EU, som denne gongen må kunne forklarast med manglande informasjon til den breie medlemsmassen om kva som var føremålet med resolusjonen. På grunnlag av det nære politiske samarbeidet mellom Noreg og EU støtta Noreg opp om initiativet frå EU.

3.8 Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det norske innlegget tok for seg utfordringar knytte til bevaring av naturmangfald, Arktis, ulovleg, urapportert og uregulert fiske, piratverksemd og fastsetjing av yttergrensa for kontinentalsokkelen.

Eit hovudfokus i forhandlingane om fiskeriresolusjonen var omtalen av konklusjonane frå evalueringskonferansen for FN-avtalen om fiske på ope hav, som vart halden i mai 2010. For Noreg og ei rekkje andre vestlege land er det viktig å styrkje gjennomføringa av denne avtalen fordi han rett-leier om ei rekkje prinsipp som skal sikre berekraftig ressursforvaltning utanfor nasjonal jurisdiksjon. Noreg arbeider òg for at fleire statar skal slutte seg til avtalen. Men enkelte latinamerikanske land støttar ikkje innhaldet i avtalen og viser til at avtalen etter deira mening er i strid med FNs havrettskonvensjon. Desse landa kunne difor ikkje støtte positiv omtale av konklusjonane frå

evalueringskonferansen. Dei same landa hadde òg ei særleg negativ haldning til omtale av ein ny FAO-konvensjon om hamnestatskontroll. Føremålet med denne konvensjonen, som er framforhandla etter norsk initiativ, er å hindre at statar opnar hamnene sine for fiskerifartøy som er engasjerte i ulovleg, urapportert eller uregulert fiske. Noreg tok sterkt til motmæle mot eit forslag frå EU om at FAO skulle vurdere tilstanden til krillfisket. I dag vert det berre fiska ein brøkdel av dei fastsette kvotene, og vitskapleg forskning syner at krillfisket i Antarktis fullt ut er berekraftig. Dessutan gjer det seg gjeldande sterke prinsipielle argument mot at FAO, som eit globalt organ, skal vurdere eit fiske som først og fremst bør behandlast i kompetente regionale fora.

Forhandlingane om havrettsresolusjonen var òg i år prega av polarisering mellom G77 og vestlege land. Framtredande G77-medlemmer kunne til dømes ikkje akseptere forslag til formuleringar om at Generalforsamlinga skulle helse velkommen viktige avgjerder som vart tekne for vern av det marine miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet. Haldninga i G77 til multilaterale forhandlingar om hav- og fiskerispørsmål ser ut til å vere prega av sterk skepsis og av ei oppfatning om at vestlege land set ein dagsorden for å trekkje med seg utviklingsland i eit samarbeid der dei ikkje har oversyn over konsekvensane.

Eit viktig innsatsområde for Noreg er avgrensing av kontinentalsokkelen for statar der denne strekkjer seg utover 200 nautiske mil. Ei avklaring av yttergrensa av sokkelen er viktig for å få ein klar folkerett, men kan òg ha store positive følgjer for utviklinga til ein stat. For mange utviklingsland er det ei stor utfordring å dokumentere eigen sokkel, og støtte til utviklingsland er difor heilt nødvendig. Noreg er den viktigaste bidragsytaren til eit FN-fond som yter slik støtte. Noreg yter òg direkte bistand til seks vestafrikanske land for at dei skal kunne dokumentere sokkelen sin overfor Kontinentalsokkelkommisjonen i New York.

Piratverksemd har fått auka merksemd i FN etter kvart som fleire skip har vorte angripne utanfor Somalia. Havrettsresolusjonen erkjenner problemet og oppfordrar til tett samarbeid på alle nivå for å slå ned piratverksemd. Likevel er det FNs tryggingråd som gjennom året har vore leiande på dette området, særleg gjennom vedtaking av resolusjonar som opnar for bruk av makt mot piratar i somalisk farvatn og basane deira på land. Tryggingrådet diskuterer i tillegg korleis ein skal halde piratane strafferettsleg ansvarlege. Det vert òg gjort eit viktig arbeid for å styrkje og koordinere innsatsen mot piratverksemd i kontakt-

gruppa for piratverksemd utanfor Somalia. Noreg deltek i styret til eit fond som har som føremål å støtte tiltak som kan bidra til kamp mot piratverksemda. Dette fondet er oppretta under kontaktgruppa.

Som tidlegare stod Noreg som medforslagsstillar til både fiskeriresolusjonen og havrettsresolusjonen. Fiskeriresolusjonen vart vedteken med konsensus, medan havrettsresolusjonen vart vedteken med overveldande fleirtal.

3.9 Terrorisme

Som ei oppfølging av FN-toppmøtet i 2005 lanserte Generalforsamlinga i 2006 ein strategi for arbeidet mot terrorisme. Strategien omhandlar tiltak for å førebyggje og nedkjempe terrorisme og tiltak for å styrkje kapasitetane til medlemslanda i kampen mot terrorisme. Strategien gjeld i utgangspunktet for to år, og han vart dermed fornya i 2008 og på nytt ved konsensusvedtak under den 64. generalforsamlinga i 2010. Behandlinga viste at det var brei støtte til strategien, men visse meiningsforskjellar gjer seg likevel gjeldande mellom den arabiske gruppa og vestgruppa. Førstnemnde vil gjerne ha sterkare fokus på kamp mot det dei meiner er grunnårsakene til terrorisme, som okkupasjon og fattigdom, medan vestgruppa heller vil leggje vekt på konkrete operasjonelle tiltak. Eit internt FN-organ som skal samordne og leggje til rette for gjennomføringa av strategien (CTITF), får aktiv støtte frå Noreg, både finansielt og politisk. Ein del av denne støtta tek sikte på å gjere antiterrorstrategien betre kjend gjennom å halde regionale seminar.

3.10 Dei internasjonale domstolane

Den internasjonale domstolen i Haag

Den internasjonale domstolen i Haag er eit av hovudorgana i FN og gjev ein årleg rapport til Generalforsamlinga om verksemda si. Presidenten for domstolen, Hisashi Owada, understreka det høge aktivitetsnivået i domstolen, noko som stadfestar at domstolen er relevant og viktig for fredeleg løysing av tvistar mellom statar. Det er likevel eit potensial for ytterlegare styrking av denne rolla, sidan fleire land på generelt grunnlag bør akseptere at domstolen har kompetanse til å avgjere dei folkerettslege tvistane deira. Owada viste til at domstolen hadde avsagt éin dom og éi rådgjevande fråsegn sidan førre generalforsamling. I den rådgjevande fråsegna konkluderte

domstolen med at sjølvstendeerklæringa til kosovoalbanarane frå februar 2008 ikkje krenkte folkeretten. Dette er i samsvar med den argumentasjonen som m.a. Noreg førte for domstolen. Eit anna særleg interessant utviklingstrekk er at Australia fremja eit søksmål mot Japan i mai 2010, med påstand om at den japanske kvalfangsten under forskingsprogrammet deira er i strid med dei folkerettslege forpliktingane til landet, m.a. forpliktingar under kvalfangstkonvensjonen.

Den internasjonale straffedomstolen (ICC)

Den internasjonale støtta til ICC aukar stadig, og domstolen har no 114 statspartar. Noreg vil halde fram å arbeide for universell oppslutning om ICC. Presidenten for domstolen, sørkoreanaren Sang-Hyun Song, la fram rapporten frå domstolen og nemnde kort status i dei fire situasjonane som er til behandling i domstolen, nemleg Uganda, Darfur, Den demokratiske republikken Kongo og Den sentralafrikanske republikken. Han påpeikte òg kor viktig det er at statar samarbeider effektivt med domstolen, då ein elles ikkje kan pågripe eller straffefølgje dei tiltalte. Noreg gav full støtte til arbeidet i domstolen og oppfordra særleg Sudan, som avviser at domstolen har kompetanse over situasjonen i Darfur, til å gjennomføre dei folkerettslege forpliktingane sine. Etter at Generalforsamlinga behandla rapporten frå domstolen, har domstolen fått ein femte situasjon til behandling, nemlig dei alvorlege brotsverka som fann stad i kjølvatnet av valet i Kenya i desember 2007.

I juni 2010 vart det i samsvar med vedtektene i domstolen halde ein revisjonskonferanse i Kampala i Uganda. Konferansen tok viktige avgjerder m.a. med sikte på å gje domstolen kompetanse til å behandle aggresjonsbrottsverket. På norsk initiativ vart det òg gjort eit vedtak som opnar for eit meir formalisert og effektivt system for soning av fengselsstraffane domstolen har tildømt. Noreg ønskjer vidare at det vert vurdert meir formålstenlege og effektive løysingar enn dagens system, der domstolen er fullstendig avhengig av at statar frivillig aksepterer fangar til soning i fengsla sine. Resolusjonen som vart vedteken av Generalforsamlinga, godkjenner dei vedtaka revisjonskonferansen gjorde.

Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR)

Presidentane for dei to tribunalane tok føre seg strategiane for å avslutte arbeidet ved domstolane. Ei vellukka slutføring av mandata er avhengig av til-

Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN

strekkeleg samarbeid frå statane og av at alle tiltalte vert arresterte og overleverte til domstolane. Noreg rosa domstolane for arbeidet og gav dei som tidlegare si fulle støtte. Ei handfull tiltalte personar, mellom dei Radko Mladic, er framleis på fri fot, og det er viktig at dei som ber det største

ansvaret for overgrepa på Balkan, ikkje går ustraffa. Tryggingsrådet tok difor i desember viktige avgjerder om korleis arbeidet til domstolane skal førast vidare når alle pågåande prosessar vert avslutta omlag 2014.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Nedrustingsmaskineriet

Den generelle debatten i 1. komité vart prega av at det mellomstatlege apparatet for nedrustingsforhandlingar for tida står stille. Som dei aller fleste land uttrykte Noreg sterk frustrasjon over den fastlåste situasjonen i Nedrustingskonferansen (CD) og nedrustingsmaskineriet generelt, som fungerer på ein lite tilfredsstillande måte. Det vart vedteke at oppfølging av ministermøtet 24. september om nedrustingsmaskineriet skal setjast på dagsordenen for neste års sesjon.

Det springande punktet for CD er å få vedteke eit arbeidsprogram og å kome i gang med forhandlingar. I utgangspunktet er det brei semje om at det må forhandlast fram ein avtale om forbod av produksjon av spaltbart materiale for kjernevåpenføremål (FMCT) i CD, men nokre land seier seg ikkje framand for tanken om å ta FMCT ut av CD. Skulle dette skje, vil det allereie tynnslitne truverdet til CD verte ytterlegare svekt. Dei fleste land i den alliansefrie rørsle (NAM) insisterte difor på at CD er riktig forum. Desse landa legg stor vekt på CD fordi konferansen arbeider på basis av konsensusprinsippet. Pakistan gjorde det klart at landet ikkje vil støtte at det vert sett i gang ein FMCT verken i eller utanfor CD. Det er lite som tyder på løysning av denne fastlåste situasjonen i 2011 heller.

Russland og Kina understreka at det snarast må setjast i gang forhandlingar i CD om ein avtale om forbod mot utplassering av våpen i det ytre verdsrommet, medan USA er svært skeptisk til at det trengst slike forhandlingar. Noreg og EU-landa støtta opp om resolusjonar som tek til orde for auka openheit om sivil romfartsverksemd, og for at CD behandlar spørsmålet om å hindre våpenkapplau i det ytre verdsrommet.

Dersom CD ikkje kjem i gang med reelt arbeid i løpet av inneverande år, vil spørsmålet om nedrustingsmaskineriet stå sentralt på dagsordenen på neste sesjon i FN's generalforsamling. Eit viktig spørsmål vil då vere om konsensusprinsippet framleis skal leggjast til grunn for å skape rørsle i multilaterale kjernefysiske nedrustingsforhand-

lingar. Noreg gikk langt i å flagge at det må tenkjast i nye baner.

Ein ny resolusjon vart introdusert om kvinner og nedrusting (Trinidad og Tobago), med aktiv norsk deltaking. Ei rekkje land i den alliansefrie rørsle (NAM) var svært negative og meinte at dette spørsmålet høyrte heime i 3. komité.

4.2 Kjernevåpen

Målet om ei kjernevåpenfri verd vart understreka av svært mange land. Det er aukande frustrasjon over at kjernevåpenstatane manglar vilje til å bidra til å nå dette målet. Ei lang rekkje land understreka at kjernevåpenstatane må oppfylle nedrustingsforpliktingane sine som vart vedtekne på tilsynskonferansen til avtalen om ikkjepreiging av kjernevåpen (NPT) i mai 2010. Det er verd å merkje seg at mange land tok til orde for at humanitærretten og humanitære konsekvensar ved bruk av kjernevåpen må setjast i sentrum for arbeidet med kjernefysisk nedrusting, og at det må setjast i gang arbeid med ein konvensjon som forbyr kjernevåpen. USA og Russland fekk etter mykje strev vedteke ein resolusjon utan votering som helse velkomen den bilaterale avtalen om reduksjonar av strategiske atomvåpen (START). Enkelte land i den alliansefrie rørsle (NAM) ønskte å leggje inn formuleringar som ikkje var akseptable for USA og Russland, og gav seg etter omfattande press.

Landa i NAM understreka i innlegga sine kor viktig det er at dei kjernevåpenfrie sonene i Afrika og Sentral-Asia trer i kraft, og oppfordra dei kjernevåpenstatane som enno ikkje hadde ratifisert dei relevante protokollane til soneavtalane, til å gjere dette snarast råd. I den samanhengen vart det òg lagt vekt på at ein måtte få fortgang i arbeidet med å gjere negative tryggleiksgarantiar (NSA) folkerettsleg bindande. Slike garantiar går ut på at kjernevåpenstatane forpliktar seg til ikkje å bruke eller true med å bruke atomvåpen overfor ikkje-kjernevåpenstatar. Styrking av NSA vert òg framheva i sluttdokumentet frå NPT's tilsynskonferanse.

Dei arabiske landa framheva spesielt at det er viktig å få gjennomført Midtausten-konferansen i 2012 om ei sone fri for masseøydeleggingsvåpen (MØV) i regionen, slik det vart vedteke på NPTs siste tilsynskonferanse. Det går no føre seg intense konsultasjonar om rammene og formatet for ein slik konferanse, og det er viktig å få gjennomført konferansen for å sikre at NPT lever vidare.

Noreg var medforslagsstillar på viktige resolusjonar som tek til orde for å intensivere arbeidet for å nå målet om ei verd fri for atomvåpen. Dette gjaldt resolusjonen som vart lagd fram av den såkalla Ny agenda-koalisjonen (Sverige, Irland, New Zealand, Mexico, Sør-Afrika, Egypt og Brasil), i tillegg til den japanske nedrustingsresolusjonen. Noreg endra vidare stemminga si på den såkalla Malaysia-resolusjonen om oppfølging av fråsegnene til Den internasjonale domstolen om atomvåpen, frå å stemme imot til å avstå. Denne resolusjonen tek til orde for framforhandling av ein konvensjon som forbyr atomvåpen. Noreg heldt stemmeforklaring der det m.a. vart vist til at vi avstod fordi spørsmålet er altfor viktig til at eventuelle forhandlingar skal knytast opp til eit dysfunksjonelt forhandlingsorgan som CD, slik resolusjonen tek til orde for.

4.3 Andre masseøydeleggingsvåpen

Ei rekkje NAM-land uttrykte uro over at USA og Russland ikkje ser ut til å vere i stand til å møte destruksjonsforpliktingane sine under kjemivåpenkonvensjonen, endå desse allereie er utsette. Noreg og EU-landa la òg vekt på full gjennomføring av denne konvensjonen, og då ikkje minst på ikkjepreingsområdet. Det lukkast som tidlegare å få vedteke ein konsensusresolusjon om kjemivåpenkonvensjonen.

Det lukkast òg, etter lange og vanskelege konsultasjonar, å verte samde om resolusjonen om biologivåpenkonvensjonen (BTWC). Problema låg i om Generalforsamlinga skulle leggje inn klare føringar på den neste BWTC-tilsynskonferansen i desember 2011. Enkelte NAM-land ønskte eit sterkare språk i føresegna i konvensjonen for å fremje vitskapleg utveksling. På den andre sida var dei skeptiske til at resolusjonen gav sterke føringar om at den biologiske tryggleiken på landnivå må styrkjast, noko vestlege land ønskte. Kompromisset var å bruke formuleringar ein tidlegare hadde vorte samde om.

4.4 Konvensjonelle våpen

Mange land roste den norske innsatsen i arbeidet med landminer, klaseammunisjon og væpna vald. FNs handlingsprogram for ulovleg omsetning av handvåpen (PoA) vart trekt fram av eit breitt utval statar, spesielt afrikanske og karibiske, som ein viktig prosess for å redusere dei humanitære lidningane som skuldast konvensjonelle våpen. Storbritannia argumenterte for at det måtte utarbeidast metodar for å måle effekten og effektiviteten av PoA, noko som vil vere viktig i evalueringa av korleis ein kan styrkje programmet på tilsynskonferansen i 2012.

Resolusjonen om handlingsprogrammet fekk elles mykje og uventa merksemd. Normalt vert denne resolusjonen vedteken utan votering. Denne gongen ønskte Mexico formuleringar som gav klare føringar for 2012-konferansen om styrking av handlingsprogrammet. Dette var det ikkje mogeleg å kome til semje om, og særleg dei arabiske landa var svært avvisande. Dei mexicanske endringsforslaga vart nedstemde, og Mexico avstod følgeleg i 1. komité på den generelle handvåpenresolusjonen, men slutta seg til konsensus då resolusjonen vart behandla i plenum.

Når det gjeld konvensjonen om klaseammunisjon (CCM), understreka mange land kor viktig det var at statspartsmøtet i Vientiane i november vart vellukka. Til liks med landminekonvensjonen (MBC) vart CCM trekt fram som eit eksempel på moderne nedrustingsavtalar som bidreg til å styrkje internasjonal humanitærrett. EU, med fleire, takka i innlegga sine spesielt Noreg for innsatsen med presidentvervet for MBC. Elles kan det nemnast at Libya ønskte å revidere minekonvensjonen fordi han ikkje møter behova til råka og sårbare statar. Noreg hadde, saman med Albania og Sveits, ansvaret for å leggje fram resolusjonen om minekonvensjonen, som samla eit stort fleirtal. Ingen stemde imot, men fleire av dei landa som ikkje har slutta seg til konvensjonen, valde framleis å avstå.

Dei aller fleste var nøgde med det første førebuande møtet for etableringa av ein internasjonal våpenhandelsavtale (ATT). Fleire land viste til at det var behov for å auke tempoet i forhandlingane dersom ein skulle lukkast med å slutføre forhandlingane i 2012. New Zealand støtta forslaget frå Noreg om at avtalen skal gjelde alle konvensjonelle våpen og ammunisjon, med mindre dei eksplisitt er unnatekne. Dette vil verte eit vanskelig punkt i dei vidare forhandlingane, ikkje minst når det gjeld vektlegging av menneskerettar og internasjonal humanitærrett i ATT-samanheng.

Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN

I spørsmålet om bruken av utarma uran i ammunisjon og pansring (av m.a. køyretøy) viste Noreg til føre var-praksisen sin og oppfordra andre land til å vurdere å gjere det same. Noreg

stemde for NAM-resolusjonen som tek til orde for ytterlegare undersøkingar av mogelege skadeverknader ved bruk av utarma uran.

5 Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Generelt

Noreg heldt egne innlegg under opninga av 2. komité, under dagsordenspunktet finansiering for utvikling og på miljøfeltet, der m.a. kampen mot ulovleg kapitalflyt og ei finanstransaksjonsavgift til inntekt for utvikling vart framheva. Noreg var tilslutta eit felles innlegg frå G7-gruppa om operasjonelle aktivitetar og FN-reform. G7 er ei uformell gruppe som er sett saman av Tanzania, Rwanda, Mosambik, Malawi, Noreg, Nederland og Storbritannia. Gruppa arbeider for FN-reform. Noreg leidd forhandlingane om ein resolusjon om innovativ finansiering. Det var heile 40 resolusjonar som vart behandla i 2. komité i år.

Det var avstemming over fire av resolusjonane. Noreg stemde for dei to resolusjonane om Midtausten, vi stemde mot resolusjonen om handel og utvikling fordi teksten var ubalansert, og delegasjonen avstod frå å stemme om resolusjonen om ny økonomisk verdsorden fordi han ikkje reflekterte den faktiske økonomiske situasjonen i dag. Vi følgde dermed stemmemønstret til EU og andre vestlege land, på linje med tidlegare år.

Det har vore ein prosess for å gjere komiteen meir effektiv, men utan dei heilt store gjennombrøta. Det er ein tendens til at nokre land fremjar resolusjonar som nasjonale merkesaker, noko som aukar arbeidsbyrda. Blant dei vestlege landa er det først og fremst EU og USA som har oversikta over alle resolusjonar og potensielle problemområde. I mange saker vil delegasjonen ligge svært nær EU, ikkje minst på miljøområdet. JUSCANZ (Japan, USA, Canada, Australia og New Zealand) er ikkje alltid ein naturleg partner i 2. komité, ettersom gruppa er oppteken av nullvekst og har ein del haldningar som Noreg ikkje deler.

5.2 Makroøkonomiske spørsmål

Arbeidet i 2. komité har i år, som i fjor, vore prega av ei aukande motsetning mellom G77 og vestlege land. Dette kjem til uttrykk m.a. ved at vestlege land – mellom dei Noreg – stemmer mot resolusjonen om handel og utvikling, og at vi avstår

under avstemminga om ny økonomisk verdsorden. Dette skal likevel ikkje tolkast som at nokre land i sør i aukande grad er på kollisjonskurs med vestlege land. Situasjonen er heller slik at enkelte land har stor innverknad på G77. G20-medlemer blant G77-landa ser seg ikkje tente med å fronte motstand mot ein del haldningar som desse landa målber med styrke. Problemet med ein del tradisjonelle resolusjonar på det økonomiske området er at kartet G77 bruker, stemmer mindre og mindre med terrenget. Ein del G77-land har no avgjerande innverknad på verdsøkonomien. Gjeldsproblemet er som følge av betre økonomisk styring og gjeldsslette i dei fleste fattige land under kontroll, mens det i aukande grad er vestlege land som treng bistand frå IMF. Likevel er resolusjonstekstar utforma i 80-talets ånd, m.a. teksten om ny økonomisk verdsorden.

Delegasjonen sette seg og nådde to mål for behandlinga i 2. komité av makroøkonomiske spørsmål. Det første innfridde målet var eit avsnitt om ulovleg kapitalflykt i resolusjonen om finansiering for utvikling. Dette avsnittet gjer det mogleg for Noreg å innleie eit samarbeid med FN-sekretariatet om å kjempe mot ulovleg kapitalflykt. Det andre innfridde målet var å bidra til sterkare legitimitet for innovative mekanismar for finansiering av utvikling. Delegasjonen bidrog til å sikre semje om den første resolusjonen om innovative finansieringsmekanismar i Generalforsamlinga som tilretteleggjar for forhandlingane, trass i motstand frå mellom andre USA. USA ønskjer ikkje å gje legitimitet til mekanismen som opnar for å leggje på nokre euro på ein flybillett til eit utviklingsfond, då tiltaket etter amerikansk oppfatning kan sjåast på som internasjonal skattlegging.

Noreg var medforslagsstillar for to nye makroøkonomiske resolusjonar. Den eine resolusjonen følgde opp ein av hovudbodskapane frå toppmøtet om tusenårsmåla i september, nemleg at godane må delast for at økonomisk vekst skal monne i kampen mot fattigdom. Den andre resolusjonen tok til orde for å drøfte FN's rolle i globalt styresett under neste generalforsamling. Føremålet frå initiativtakarane er å vurdere forholdet mellom FN og G20. Som grunnlag for diskusjonen vil general-

sekretæren leggje fram ein rapport om globalt økonomisk styresett og utvikling.

5.3 Miljøspørsmål

Komiteen behandla fleire resolusjonar på miljøområdet. Den viktigaste saka var etableringa av naturmangfaldspanelet (IPBES). Det var skuffande at dette ikkje vart omhandla i ein eigen resolusjon, særleg sett i lys av at dette panelet forhåpentlegvis skal verte like viktig som klimapanelet. Det var òg skuffande å sjå kor stor innverknad enkelte G77-land hadde i arbeidet med å svekkje teksten. Sluttresultatet, som er akseptabelt, vart ein indirekte referanse til etableringa i UNEP-resolusjonen. Ein ny resolusjon på miljøområdet,

der Noreg var medforslagsstillar, bygde på ønsket frå Litauen om å rette søkjelyset mot tidlegare dumping av kjemiske våpen / ammunisjon.

Resolusjonen om kriseførebygging (m.a. finansiering av ISDR FNs paraplyenhet for katastrofeførebygging) vart i år prioritert i tråd med stortingsmeldinga om same temaet. Noreg var blant dei landa som bidrog til at generalsekretæren no har fleire vegar å gå for å finne midlar til ISDR.

5.4 Andre spørsmål

Resolusjonen om operasjonelle aktivitetar var i år på «kvileskjer» og gjekk smertefritt, òg fordi vestlege land ikkje ville presse for reformagendaen under Generalforsamlinga i år.

6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Generelt

Djup usemje om vern av religionar og godkjenning av seksuell orientering som diskrimineringsgrunnlag kjenneteikna haustens 3. komité. På nytt stadfesta skiljet mellom vestlege og i aukande grad latinamerikanske land på den eine sida og muslimske og afrikanske land på den andre sida trendar frå tidlegare sesjonar i Generalforsamlinga og Menneskerettsrådet.

Resolusjonane om krenkjande omtale av religionar som vart fremja av Organisasjonen av islamske statar (OIC), og om utanomrettslege avrettingar som vart fremja av Finland, som mellom anna omhandla seksuell orientering, illustrerer korleis Vesten og muslimske land kvar for seg fremjar problemstillingar som den andre gruppa har grunnleggjande problem med å diskutere som menneskerettsspørsmål.

Dei same skiljelinjene var tydelege i EU-resolusjonen om diskriminering på bakgrunn av religion eller tru, der hovudforslagsstillarane ønskte sterkare referansar til retten den enkelte har til å skifte eller forlate religionar eller trusretningar, men måtte gje opp dette i bytte mot konsensusvedtak.

Eit interessant utviklingstrekk er at det er EU – og ikkje USA – som i større grad tek kontroversielle resolusjonar til votering i komiteen. EU bad i år om votering på tre resolusjonar, medan USA vidareførte trenden under president Obama med å slutte seg til konsensus i fleire tilfelle enn før. USA braut òg ein ny barriere som medforslagsstilar til barneresolusjonen.

6.2 Rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT)

Sterkere koordinering mellom dei muslimske landa og konservative krefter i Afrika-gruppa har dei siste to åra ført til at debatt om og referansar til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar har vorte knebla eller fjerna. Denne trenden såg ut til

å vedvare då referansen til seksuell orientering i den finske resolusjonen om utanomrettslege avrettingar vart votert ut då teksten vart behandla i 3. komité. Den amerikanske avgjerda om å opne resolusjonen på nytt i plenum syner forskjellen dei kan utgjere i enkeltsaker. Verken EU eller framtrédande NGO-ar hadde før dette tru på at referansen til seksuell orientering kunne verte stemd inn att i plenum. Heile 47 land endra stemminga si i positiv retning. Det er særleg gledeleg å sjå at Sør-Afrika endra ståstad i spørsmålet.

I lys av dette var det særst positivt at Ban Ki-moon som første generalsekretær heldt eit innlegg mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar og annonserte at FN ville styrkje innsatsen for avkriminalisering av homofili på verdsbasis. Noreg og dei andre medlemene av kjernegruppa for LHBT-rettar hadde invitert generalsekretæren til arrangementet i høve den internasjonale menneskerettsdagen. Det er gledeleg at generalsekretæren synleg støttar det som framleis er ein svært kontroversiell agenda i FN-samanheng.

6.3 Dødsstraff

Dødsstrafferesolusjonen var hovudprioriteringa for Noreg under Generalforsamlinga i haust. Med styrkt oppslutning samanlikna med resolusjonen frå to år tilbake og heile ti færre land som stemde imot, stadfestar dette den globale trenden i retning av avskaffing (2010: 107 ja – 38 nei – 36 avståande mot 2008: 105 – 48 – 31). Dei toneangjevande landa i forhandlingane tok i år første steget i retning av ein mindre konfronterande prosess og har endra teksten på ein måte som ser ut til å vere heilt nødvendig for å kunne utvide talet på ja-stemmer i åra som kjem. Singapore og Malaysia – to land som har vore særleg krasse i kritikken av resolusjonen – hadde i haust ei meir forsonleg holdning. Når det gjeld Malaysia, speglar dette endringar i innanrikspolitiske posisjonar og auka debatt heime.

6.4 Menneskerettssituasjonen i enkeltland

Generalforsamlinga vedtok resolusjonar om menneskerettssituasjonen i Burma, Iran og Nord-Korea – alle ved votering og med større stemmefleirtal enn på mange år. Utviklinga i stemmetalet har vore særleg positiv for Iran-resolusjonen (2010: 80 ja – 44 nei – 57 avståande mot 2009: 74 – 48 – 59). Forsøket frå den iranske delegasjonen på å få fleirtal for ikkje å realitetsbehandle resolusjonen – eit såkalla ikkje-behandlingsforslag – vart nedstemt med 40 stemmers overvekt. Eit liknande forslag for to år sidan vart nedkjempa med ein margin på berre éi stemme. Evna Iran har til å mobilisere støtte blant medlemslanda, er tydeleg svekt. Resolusjonen bidreg til å oppretthalde fokuset på dei omfattande og alvorlege menneskerettsbrot i Iran.

Valet i Burma og den påfølgjande lauslatinga av Aung San Suu Kyi fann stad undervegs i forhandlingane om landresolusjonen. Teksten vart difor i stor grad endra, men med stort sett positivt resultat. Stemmetalet var særleg positivt i lys av dei klare formuleringane om at valet verken var fritt, rettferdig, ope eller inkluderande (2010: 96 ja – 28 nei – 60 avståande mot 2009: 92 – 26 – 65). Resolusjonen understreka at styresmaktene har ansvar for å etterforske og straffefølgje alvorlege overgrep.

Resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Nord-Korea vart òg vedteken med høgare stemmetal (2010: 100 ja – 18 nei – 60 avståande mot 2009: 97 – 19 – 65), noko som styrkjer praksisen i Generalforsamlinga med å behandle landspesifikke resolusjonar.

6.5 Rasisme

I den afrikanske resolusjonen om kamp mot rasisme var særleg spørsmålet om markering av tiårsjubileum for Durban-konferansen i 2001 kontroversielt. Alle vestlege land valde anten å stemme mot eller å avstå då resolusjonen vart vedteken i komiteen, hovudsakleg på grunn av sørafrikansk uvilje mot å kome synspunkta til dei vestlege landa i møte. Frå vestleg side var særleg EU, Sveits og Noreg var aktive i forhandlingane. Noreg, Sveits og New Zealand var blant dei landa som avstod i voteringa. I ei felles stemmeforklaring vart det vist til at delar av teksten ikkje var i samsvar med menneskerettane, og at vi ikkje såg

nokon meirverdi i å utarbeide ei ny politisk erklæring i samband med tiårsjubileet berre to år etter slutterklæringa frå tilsynskonferansen i Genève.

6.6 Urfolk

Den bolivianske resolusjonen om rettane til urfolk vart til slutt vedteken ved konsensus. Sentralt i resolusjonen er vedtaket om å halde ein verdskonferanse om rettane til urfolk i 2014 som skal kaste lys over gjennomføringa av urfolkserklæringa frå 2007. Noreg stod sentralt i å sikre at representantar for urfolk vil verte involverte i førebuingane til konferansen.

6.7 Vern om menneskerettane i kampen mot terrorisme

I Mexicos resolusjon om vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme var òg sluttresultatet ein styrkt tekst, mellom anna når det gjeld å sikre privatlivets fred og at nødvendige innskrenkingar i denne retten skal vere underlagde effektiv kontroll. Resolusjonen oppfordrar òg FN's trykingsråd til å leggje inn eit menneskerettsperspektiv i gjennomføringsmekanismane på antiterroriltak.

6.8 Vald mot kvinner

Steile regionale frontar kjenneteikna forhandlingane om resolusjonen om vald mot kvinner. Sett med norske auge var sluttresultatet nedslåande, for eksempel ein svakare referanse til den internasjonale straffedomstolen.

6.9 Barns rettar

Barneresolusjonen fokuserte i år særleg på barns rettar i tidleg barndom, og diskusjonen dreidde seg i stor grad om å finne ein balanse mellom rettane og pliktene staten og familien har overfor dei yngste barna. Gruppa av latinamerikanske land og EU leidde resolusjonsforhandlingane på ein svært open og inkluderande måte. Resolusjonen vart vedteken ved konsensus og med fleire medforslagsstillarar, mellom dei USA, som for første gong gjekk med i denne gruppa.

6.10 Rettane til personar med funksjonsnedsettingar

Noreg var medforslagsstillar til resolusjonen om gjennomføring av tusenårsmåla for rettane til personar med funksjonsnedsettingar. Medlemslanda vert oppfordra til å inkludere personar med funksjonsnedsettingar i alle planar og verktøy som skal bidra til å oppnå tusenårsmåla. FN-systemet vert bedt om å gjere ein felles innsats for å sørge for at all politikk, alle prosessar og mekanismar og alle utviklingsplanar inkluderer og er tilgjengelege for

personar med funksjonsnedsettingar. Statane vert oppfordra til å sikre inkludering av personar med funksjonsnedsettingar i alle internasjonale utviklingsprogram og utvikling av statistikk som vert vidareformidla til FN. FN vert bedt om å gje teknisk assistanse til dette arbeidet. Statistikken skal brukast til å analysere og publisere kor langt ein er komen til å oppfylle tusenårsmåla for personar med funksjonsnedsettingar. Status for gjennomføring av resolusjonen skal leggjast frem for FNs 66. sesjon med sikte på å innkalle til eit toppmøte i samband med FNs 67. sesjon.

7 Avkolonisering og fredsbevarande operasjonar (4. komité)

7.1 Fredsbevarande operasjonar

Debatten i 4. komité om FN's fredsbevarande operasjonar må sjåast i samanheng med den seinaste utviklinga på dette feltet, som utgjer eit av dei mest sentrale innsatsområda i FN. 2010 markerte ein foreløpig topp i talet på personell, medan talet på operasjonar vart redusert frå 15 til 14 på grunn av avviklinga av operasjonen i Tsjad og Den sentralafrikanske republikken (MINURCAT). Talet på personell heldt seg likevel omtrent på det same høge nivået på grunn av utvidingar i fleire av dei pågåande operasjonane. Per 31. desember 2010 deltok omlag 120 000 personar, der 84 000 var militære og 14 000 politi. Med halvårlege rotasjonar inneber det at nærare 200 000 uniformerte menn og kvinner i løpet av året har vore engasjerte i fredsoperativ teneste for FN. Omfanget av verksemda inneber store utfordringar med å skaffe både tilstrekkeleg mange og tilstrekkeleg kvalifiserte personar. I tillegg kjem dei vedvarande utfordringane med å gjennomføre stadig meir krevjande operasjonsmandat.

Leiaren for FN-avdelinga for fredsbevarande operasjonar, Alain Le Roy, viste i innlegget sitt til at FN's fredsoperasjonar no er inne i ein konsolideringsfase etter ein lang periode med vedvarande vekst. Det er viktig å bruke dette høvet til å styrkje FN's fredsoperative innsats i samsvar med reformagendaen «New Horizon» frå 2009. Planlegging og oppfølging er allereie styrkt gjennom m.a. intensivert dialog mellom Tryggingrådet, Sekretariatet og dei bidragsytande landa. For å auke tilgangen til ressursar og for å styrkje evna til å få meir ut av eksisterande ressursar er det starta pilotprosjekt for å utvikle klarare retningslinjer for kva resultat ein ventar i felt av ulike militære einingar (eit av desse prosjekta får norsk støtte). Ein global feltstøttestrategi vart vedteken i juni 2010. Det er venta at denne strategien vil bidra til betre praktisk tilrettelegging for gjennomføring av operasjonsmandata. På policysida er utviklinga av eit strategisk rammeverk for vern av sivile ei av dei mest sentrale, men òg ei av dei mest utfordrande oppgåvene. Dette skuldast at det er svært krevjande å leggje opp til gode strate-

giar for vern. Land i sør er dessutan på vakt mot forslag som kan bidra til at rolla til FN kan kome i konflikt med nasjonal suverenitet.

Le Roy var òg oppteken av at komplekse konflikhtar må møtast med meir enn fredsbevarande operasjonar, og at førebyggjande tiltak, fredsoperasjonar og fredsbygging må sjåast i samanheng.

Noreg framheva i innlegget sitt kor viktig det er å vidareføre arbeidet for å styrkje samordninga av FN-innsatsen i felt. Reform av FN's personaladministrasjon vart nemnd som eitt viktig eksempel. Det var òg viktig å sørgje for betre samsvar mellom oppgåvene som skal gjennomførast innanfor ramma av fredsoperasjonane, og ressursane som vert stilte til disposisjon. Det vart uttrykt støtte til den pågåande reformprosessen. Behovet for å styrkje innsatsen FN gjer for å verne sivile, vart understreka, samtidig som det vart peikt på at hovudansvaret ligg hos styresmaktene i landet der operasjonen finn stad. Ein viktig føresetnad for å lukkast med innsatsen for å verne sivile er at kvinner vert involverte. Noreg etterlyste ein debatt om omfanget av dei oppgåvene som vert lagde til operasjonane, og oppfordra til å unngå båstenking i diskusjonen om rolla FN har som fredsbevarar og fredsbygger.

Vern av sivile var ein gjengangar i mange innlegg. Mange var òg opptekne av at reform av tryggingssektoren er ein vesentleg føresetnad for at landa sjølve skal kunne vareta tryggleiken til sivilbefolkninga. Samtidig trengst det ei betre avklaring av korleis ein skal handtere fredsbyggingsoppgåver innanfor ramma av den fredsbevarande operasjonen. Det var generell tilslutning til at det trengst vidare reform av FN's fredsbevarande verksemd, ti år etter det førre store reforminitiativet i FN som var basert på den såkalla Brahimi-rapporten. Store troppebidragsytarar var som tidlegare særleg opptekne av å styrkje dialogen med Tryggingrådet om operasjonsmandata. Årsaka er m.a. frustrasjon over det dei oppfatar som stadig meir krevjande operasjonsmandat som ikkje vert følgde opp med dei nødvendige ressursane. Dei same landa legg òg vekt på å verne om dei grunnleggjande prinsippa for fredsbevaring: samtykke

frå partane, nøytralitet og ikkje-bruk av makt unnateke i sjølvforsvar og i forsvar av mandatet.

Tradisjonelt vert det ikkje vedteke resolusjonar i 4. komité når det gjeld FNs fredsbevarande operasjonar. Dette bidreg til å dempe pulsen i debatten som i 2010 ikkje var prega av dei store stridsspørsmåla.

7.2 Midtausten-resolusjonene

Debatten om Midtausten og behandlinga av dei ni faste resolusjonane skilde seg i liten grad frå tidlegare år. Fire av resolusjonane omhandla UNRWA (FNs organisasjon for støtte til palestinske flyktningar), og fem gjaldt FNs spesialkomité, som overvakar israelske brot på menneskerettane på okkupert område. Noreg var som tidlegare medforslagsstillar til mandatresolusjonen for UNRWA. I tillegg til desse ni resolusjonane vert seks resolusjonar behandla direkte i plenum.

Både historikken og stemmemønsteret til medlemslanda i dei ni resolusjonane bidreg til at palestinarane framleis ønskjer eit høgt tal på resolusjonar fordi dette gjev dei størst politisk gevinst. På grunn av den manglande framgangen i fredsforhandlingane kunne ein heller ikkje vente noka endring av dette i år. Dei palestinske endringsforslaga var i år både moderate og konstruktive, der palestinarane viste stor samarbeidsvilje og på den måten vidareførte den pragmatiske linja frå ECO-SOC-forhandlingane om Palestina-resolusjonane sommaren 2010.

Som følgje av at resolusjonane ikkje skilde seg mykje frå i fjor – trass i enkelte forbetringar – vart stemmemønsteret relativt likt som tidlegare år. Alle resolusjonane vart vedtekne med solid jammargin unnateke Spesialkomitéresolusjonen, der over ein tredel av medlemslanda i FN avstod, mellom dei Noreg. Norsk stemmemønster var likt som tidlegare år, og vi stemde for alle resolusjonane unnateke resolusjonen om spesialkomiteen, der vi avstod. Noreg meiner at spesialkomiteen inneber unødvendig ressursbruk og har liten innverknad på situasjonen på bakken. Mandatet til komiteen er dessutan einseitig formulert. Hovudmønsteret frå tidlegare års realitetsbehandling ligg difor fast, der Israel som einaste land stemde imot alle resolusjonane, og USA og ein handfull mindre øystatar stemde imot eller avstod i alle resolusjonane. Dei gjer dette fordi dei meiner at resolusjonane er einseitige i kritikken av Israels politikk og dermed partiske og lite konstruktive for fredsprosessen. Dette stemmemønsteret har til dels historiske årsaker.

7.3 FNs bistand til palestinske flyktningar (UNRWA)

UNRWA vert teken opp i 4. komité fordi organisasjonen er underlagt Generalforsamlinga og dermed pålagt å rapportere dit. Den årlege debatten var prega av brei støtte frå medlemslanda, med særleg fokus på det israelske stengingsregimet i Gaza og den dystre finansielle situasjonen til UNRWA. Det siste gjeld både frivillige bidrag og overføringar frå FNs regulære budsjett. Trass i semja blant medlemslanda i FN om at UNRWA må styrkjast økonomisk, er det framleis unødvendig skeiv byrdefordeling blant gjevarane, der dei største bidraga kjem frå ei mindre gruppe av vestlege land. Det må vere eit kollektivt ansvar å styrkje UNRWA.

UNRWA ville ta eit ansvar for å sikre økonomisk berekraft som m.a. innebar meir kostnadseffektive program og styrkt kontroll og overvaking av ressursbruken. Det var nødvendig med kostnadskutt, men berre opp til ei grense som ikkje skada organisasjonen i form av programstopp. I den samanhengen ville UNRWA halde fram å arbeide aktivt opp mot private aktørar i form av stiftingar og fond, men den viktigaste støtta ville likevel framleis kome frå statlege styresmakter. FNs medlemsland måtte òg bidra aktivt i 5. komité for å sikre UNRWA auka overføringar frå FNs regulære budsjett i 2011. Dette skuldast utgifter for pålagde administrative reformer. UNRWA understreka òg dei vedvarande utfordringane i Gaza på grunn av treige israelske godkjenningrutinar og mangel på framsteg når det gjeld innførsel av legalt bygningsmaterieell, i tillegg til omfattande rørslerestriksjonar for personell, inkludert UNRWA.

Debatten inneheldt elles mange kjende synspunkt og vart dominert av arabiske land. Derfor er det ikkje overraskande at debatten handla meir om Israel enn om UNRWA. Vestlege land fokuserte særleg på utfordringane organisasjonen står overfor, ikkje minst økonomisk. Hovudbodskapen frå Noreg var at UNRWA må tilpasse seg nye politiske realitetar. UNRWA bør vente meir av gjevarane, men gjevarane måtte òg vente meir av UNRWA i form av interne reformer, kostnadskutt og nye måtar å arbeide på, spesielt når det gjeld langsiktig utviklingsstøtte. Ikkje minst bør UNRWA styrkje samarbeidet med palestinske styresmakter og andre FN-organisasjonar på område som gjeld statsbygging. På den måten forsøker Noreg å reise nokre problemstillingar som strekkjer seg ut over den økonomiske dagsordenen. Noreg vil òg vere ein aktiv pådrivar, i første rekkje

Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN

gjennom 5. komité, for å auke det årlege bidraget frå FN's kjernebudsjett til UNRWAs regulære budsjett.

Som rapportør for arbeidsgruppa for finansiering av UNRWA gav Noreg ei orientering til komiteen. Arbeidsgruppa oppmoda mellom anna FN's generalsekretær om å rapportere til Generalforsamlinga snarast om den administrative kapasiteten i UNRWA.

7.4 Avkolonisering og Vest-Sahara

Noreg stemde som tidlegare ja i alle resolusjonane for avkolonisering unnateke éin. Vi avstår fordi denne resolusjonen har implikasjonar for FN og internasjonale organisasjonar og innsatsen deira i ikkje-suverene territorium. Nytt av året var to nye resolusjonar om høvesvis femtiårsmarkeringa for resolusjonen om sjølvstende til ikkje-suverene territorium (resolusjon 1514 frå 1960) og ein oppdatert versjon av resolusjonen frå 2000 som omhandla det tredje tiåret for å oppheve koloniveldet. Noreg stemde som kjent for resolusjon 1514 i 1960 (berre ni land avstod, og ingen stemde imot). Innhaldet i den nye resolusjonen om femtiårsmarkeringa var ukontroversielt og hadde verken juridiske eller økonomiske konsekvensar.

Noreg stemde difor for denne resolusjonen saman med dei fleste EU-landa. I 2000 valde Noreg å avstå frå å stemme over resolusjonen om det andre tiåret for å oppheve koloniveldet, fordi vi ikkje ønskte at FN skulle vidareføre praksisen med separate «tiårsresolusjonar». Når Noreg denne gongen stemde ja, vart dette grunngeve med at resolusjonen hadde minimale budsjettmessige implikasjonar og samtidig inneheldt ei klar politisk støtte til prinsippet om avkolonisering. EU-landa var delte i avstemminga over denne resolusjonen.

Årets resolusjon om Vest-Sahara vart vedteken med konsensus. Partane (Marokko og Algerie) vart raskt samde om resolusjonen, som berre inneheld eit par tekniske endringar frå fjorårets resolusjon. Partane står likevel framleis langt frå kvarandre i synet på ei løysing av konflikten, der Marokko går inn for autonomiplanen, medan Algerie støttar kravet frå Polisario om ei folkeavstemming med alle opsjonar på bordet (inkludert sjølvstende). Debatten bar sterkt preg av dette, og Marokko, Algerie og Polisario sa lite nytt. Dette stadfesta berre den fastlåste situasjonen og den store avstanden mellom partane. Noreg slutta seg som tidlegare til innlegget frå EU etter at resolusjonen vart vedteken.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 Generelt

Dette var eit «mellomår» for FN budsjettmessig, med berre justeringar i FN's toårige programbudsjett. Det var difor andre administrative spørsmål, og særleg personalforvaltingsreforma, som prega debatten. Trass i finanskrisetider og tilhøyrande motstand mot budsjettvekst blant fleire land vart det gjort framgang og gjennomført omfattande reformgrep under haustsesjonen (5. komité møter på nytt til sesjon i mars og mai for å behandle utestående saker). Komiteen vedtok særleg to viktige resolusjonar – om høvesvis personalforvaltingsreform og harmonisering av feltvilkår.

8.2 Personalforvaltingsreform

For tre år sidan vedtok Generalforsamlinga ei omfattande harmonisering av kontrakttypar innfor FN som omfatta sekretariatet, fonda, programma og særorganisasjonane (den såkalla «FN-familien»). Oppfølging og vidareføring av vedtaket frå 2008 var på agendaen i haust og vert sett på som ein viktig del av moderniseringa og effektiviseringa av personalforvaltinga i FN. I vedtaket fekk ein m.a. gjennomslag for ein ny kontraktmodell med meir opne og føreseielege retningslinjer for utferding av langsiktige kontraktar (såkalla «continuing contracts»). Her var det viktig å finne det rette skjeringspunktet mellom å vareta interessene til dei tilsette og behovet for ein føreseieleg tilsetjingssituasjon, samtidig som organisasjonen fekk nok fleksibilitet. Andre viktige element som vart vedtekne, inkluderer nytt rekrutteringsprogram (Young Professionals Programme erstattar noverande National Competitive Recruitment Exams) og støtte til den pågåande utrullinga av rekrutteringsverktøyet Inspira, som er venta å gjere rekrutteringsprosessane i FN langt meir effektive. Etterslep i rekrutteringa og mange ledige stillingar i feltoperasjonar er ei stor utfordring for FN sin effektivitet på landnivå.

8.3 Harmoniserte feltvilkår for FN-tilsette

Tilsette i ulike FN-organisasjonar i dei enkelte landa har lenge hatt ulike vilkår og godtgjersler. Det har lenge vore ønskeleg å få på plass ei harmonisert tilnærming, mellom anna med tanke på å betre rekrutteringa og mobiliteten mellom FN-organisasjonane. Men det har vært vanskeleg å finne ei løysing, sidan ein ikkje har ønskt for store kutt i ordningane til fond og program, som fram til no har hatt langt betre kompensasjonsordningar enn tilsette i FN-sekretariatet. Samtidig var det budsjettmessig urealistisk å få til ei løysing som heva alle tilsette til «øvste» nivå. Resolusjonen om FN-familien har i hovudsak handla om korleis ein skulle få til eit felles system for feltgodtgjersler og ordningar for tilsette i heile FN, inkludert fond og program.

Løysinga ein no har fått, er eit kompromiss. Tilsette i FN-fond og -program vil miste nokre av godane dei no har, under det nye systemet, samtidig som tilsette i sekretariatet vil få betre vilkår. Endringane skal tre i kraft over ein femårsperiode. Hovudelementa i den nye, harmoniserte tilnærminga er felles retningslinjer for 1) felles klassifisering av utestasjonar som høvesvis familie- og ikkje-familieutestasjon, 2) godtgjersler for å oppretthalde bustad/hushald i eit anna land ved utestasjonering på ikkje-familiestasjonar, 3) felles kompensasjonsordningar for velferdsreiser frå hardshipstasjonar («rest and recuperation»). For sistnemnde er det framleis nokre utestående spørsmål som ikkje vert avklarte før den 67. generalforsamlinga, men det var semje om å få på plass harmoniserte retningslinjer.

Frå norsk side deltok vi aktivt i forhandlingsprosessen. For oss var det viktig å sikre at den operative evna til organisasjonen vert styrkt – og ikkje svekt – når det vert gjennomført tunge, nødvendige reformgrep. FN's fond og program har uttrykt uro over at kutt i feltvilkåra for deira tilsette til sjuande og sist vil gå ut over evna til å levere resultat, sidan dei fryktar at det vil verte vanskelegare å rekruttere og behalde personell. Frå norsk side har vi synleggjort denne uroa og

bidrege til at det vart opna for justeringar undervegs i gjennomføringa, i tillegg til at vi har sikra overvaking av gjennomføringa. Debatten i komiteen synte at det var lite handlingsrom for omfattande justeringar av forslaget som låg på bordet, og fleire land ønskte av omsyn til budsjettet å utsetje behandlinga med to år. Dette handterte FN-sekretariatet ved å kome fram til ei kostnadsnøytral løysing.

Begge desse vedtaka skal no forankrast i den internasjonale tenestemannskommisjonen (ICSC), ein uavhengig ekspertkommisjon som er oppretta av Generalforsamlinga, og som m.a. regulerer og sikrar at det er samsvar i vilkår for tilsette i FN og tilhøyrande organisasjonar (FN-familien).

8.4 Ettersyn og internkontroll

I spørsmålet om ettersyn vart det frå norsk side lagt vekt på å sikre at FN's avdeling for internt tilsyn (OIOS) og den uavhengige revisjonskomiteen (IAAC) får best mogeleg handlingsrom. OIOS er det interne ettersynsorganet i FN, medan IAAC er ein uavhengig ekspertkomité med rådgjevande funksjonar.

Sett med norske auge hadde det ideelt sett vore ønskeleg at resolusjonen gjekk lenger i tilrådingane sine, med tanke på å styrkje OIOS og IAAC. Noreg arbeidde òg aktivt for dette, i samarbeid med likesinna land. Det lukkast likevel ikkje i det rådande forhandlingsklimaet, der G77 var svært tilbakehaldne og trekte debatten ut ved å problematisere spørsmålet om geografisk representasjon sidan etterfølgjaren til Ahlenius som leiar av OIOS er ein canadiar – altså ikkje frå sør slik det var venta.

8.5 FN's programbudsjett

I tillegg til harmoniseringsspørsmålet var det òg stor avstand mellom partane i viktige spørsmål som kva føringar FN's generalsekretær skal få i utarbeidinga av utkast til programbudsjett for 2012–2013, og finansiering av FN's politiske operasjonar. Desse to spørsmåla grip inn i kvarandre, sidan iveren frå EU si side etter å gjennomføre innsparingar på det regulære FN-budsjettet gjer at utviklingslanda (G77) vert meir tilbakehaldne med å løyve nødvendige midlar til politiske operasjonar. G77 fryktar at det er nettopp FN's utviklingsarbeid som vil verte skadelidande.

Den nyoppretta kvinneeininga UN Women skal i hovudsak finansierast gjennom frivillige bidrag,

men òg i nokon grad over FN's kjernebudsjett (under 5 %). Komiteen vart samd i diskusjonane om kjernebudsjettet. Ei sentral problemstilling som vart drøfta, var kva stillingar i eininga som skal finansierast over høvesvis kjernebudsjett og frivillig budsjett. G77-landa tok aktivt til orde for at fleire leiarstillingar / «strategiske» stillingar enn det så langt er lagt opp til, bør finansierast over kjernebudsjettet, noko som vil gje Generalforsamlinga større kontroll. Denne diskusjonen var prematur før eininga hadde utarbeidd det strategiske rammeverket sitt, og det vil venteleg kome fleire diskusjonar i tida som kjem. Det vert viktig å sikre samsvar mellom diskusjonane som finn stad i styret til UN Women, og dei som finn stad i komiteen.

Generalsekretærens spesialrepresentant for seksuell vald i konflikt, Margot Wallstrøm, fekk etter lange diskusjonar støtte frå komiteen til dei ni stillingane ho hadde bedt om til kontoret sitt. Noreg var blant dei aktive pådrivarane for å sikre dette, etter at fleire budsjettkonservative land ønskte å godkjenne berre sju stillingar.

Eit anna vanskeleg punkt var knytt til finansieringa av FN's spesielle politiske oppdrag (Special Political Missions / SPM), mellom anna operasjonane i Afghanistan og Somalia. Slike oppdrag får mandat frå Tryggingrådet, men vert finansierte over FN's kjernebudsjett. Slik skil dei seg frå fredsbevarande operasjonar som vert finansierte separat. Dette inneber at finansiering til SPM konkurrerer med finansieringa av dei andre aktivitetane til FN, og det er fleire land som ønskjer kutt snarare enn vekst i budsjetta for desse oppdraga, sjølv om behova for dei politiske oppdraga aukar. Dette skuldast at slike oppdrag er av mindre militær karakter og rimelegare enn ordinære fredsoperasjonar. Det var viktig å slå ring om finansieringa av desse operasjonane, noko som i hovudsak lét seg gjere etter lange forhandlingar. På sikt må ein likevel spørje seg om det er føremålstenleg med eit så klart skilje mellom finansieringa av fredsoperasjonar og politiske oppdrag. UNMIN, FN's operasjon i Nepal, er eit eksempel på ein SPM der FN har spelt ei sentral fredsbyggjande rolle – utan at det er utplassert militært personell.

Inneverande sesjon vedtok òg ein resolusjon som ber FN's generalsekretær om å utarbeide utkast til skisse for neste toårige budsjett (perioden 2012–2013). Forhandlingane om denne resolusjonen viste i klartekst kva som er i vente til neste sesjon av Generalforsamlinga. Etter mykje dragkamp vart det til slutt semje om forholdsvis nøytrale formuleringar, men det er klart at mange tunge land vil motsetje seg budsjettauke.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Generelt

I 6. komité vert resolusjonane vanlegvis vedtekne ved konsensus. Dette er til ein viss grad ein refleksjon av at dei mest omstridde spørsmåla ikkje vert sette på spissen, og at det over tid har vore ein klar tendens til at komiteen gjentek eller stadfester tidlegare vedtak utan å tilføre noko nemneverdig nytt. Viktige saker på dagsordenen under den 65. generalforsamlinga var mellom anna forhandlingar om ein resolusjon om terrorisme, spørsmål knytte til temaet universaljurisdiksjon og behandlinga av rapporten frå Folkerettskommisjonen. Det vart òg fatta vedtak innanfor tema som reform av det interne rettssystemet i FN, den internasjonale humanitærretten, vern av diplomatiske og konsulære personar og stasjonar, rettsstatsprinsipp, rapporten frå FN's kommisjon for internasjonal handelsrett, rapporten frå spesialkomiteen for FN-pakta og rapporten frå komiteen om sambandet med vertslandet. I tråd med tidlegare praksis vart det halde felles nordiske innlegg på mange av dagsordenspunktka.

9.2 Terrorisme

Ein viktig del av FN-arbeidet mot terrorisme skjer i regi av Tryggingrådet med underkomitear, mellom dei antiterrorkomiteen (CTC) som vart oppretta i samsvar med resolusjon 1373 (2001) som vart vedteken rett etter angrepet på World Trade Center i New York. Tryggingrådet ser på internasjonal terrorisme som ein trussel mot fred og tryggleik, og rådet har på det grunnlaget eit hovudansvar for å fastsetje tiltak som varetek tryggleiken. Særleg gjeld dette tiltak retta mot personar eller grupper som står bak eller støttar terrorhandlingar. CTC spelar ei praktisk viktig rolle i kampen mot terrorisme og har som føremål å styrkje overvakinga av utviklinga på området og å gje assistanse til medlemsland for å styrkje gjennomføringa av resolusjon 1373. Tryggingrådet arbeider òg gjennom 1267-komiteen (Taliban / Al Qaida) og 1540-komiteen (nukleær terrorisme). Sanksjonane mot Al Qaida og Taliban er retta mot

individ eller einingar som står oppførte på ei liste som vert sett opp av 1267-komiteen. Saman med likesinna land arbeider Noreg for at rettstryggleiksgarantiane til dei listeførte skal styrkjast. Eit viktig utviklingstrekk her var at det vart oppretta ei stilling som ombodsperson. Oppgåva til ombodspersonen er å ta imot søknadar frå personar eller individ som ønskjer å verte fjerna frå lista, samle informasjon i denne samanhengen og leggje søknaden fram for 1267-komiteen til behandling. Opprettinga av ombodspersonen styrker stillinga til dei listeførte først og fremst fordi dei vil få betre informasjon om grunnlaget for listeføringa, og fordi ombodspersonen er eit talerør inn til komiteen.

Arbeidet mot terrorisme har òg ein viktig plass i Generalforsamlinga, som har som rolle å forhandle fram bindande regelverk (i form av avtalar) og tilrådingar (i form av resolusjonar). Her deltek alle FN's medlemsland i dialogen om terrorisme og utviklar skrittvis felles normer for dette arbeidet. Generalforsamlinga arbeider med eit stort spekter av saksfelt for å nedkjempe terrorisme på brei front, slik som kampen mot fattigdom, styrking av den internasjonale rettsordenen, fred og forsoning, dialog mellom religionar og samfunn og arbeid mot spreiking av masseødelegingsvåpen. Sjå òg behandlinga av FN's antiterrorstrategi i plenum.

Generalforsamlinga vedtok ein resolusjon om terrorisme, som i hovudsak er ei rein oppdatering av tidlegare versjonar. Resolusjonen fordømmer alle former for terrorisme og understrekar verdien av arbeidet regionale organisasjonar og ulike FN-organ gjer i kampen mot terrorisme.

Dersom det hadde vorte semje om ein generell FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme og avgrensinga av bruksområdet til ein slik konvensjon, ville dette ha kunna bidra til å effektivisere samarbeidet i kampen mot terrorisme, mellom anna gjennom straffefølgjing av dei som utfører terrorhandlingar. Ein konvensjon ville òg ha sendt eit eintydig signal om at verdssamfunnet står samla i kampen mot terror. Trass i ein noko meir fokusert innsats vart det heller ikkje i år nokon substansiell framgang i arbeidet, og drøf-

tingane vert på nytt vidareførte i ein ad hoc-komite. Usemja mellom særleg dei arabiske landa og vestlege land er knytt til at den førstnemnde gruppa ønskjer å halde handlingar som er utførte i kamp mot ein okkupasjonsmakt, utanfor ein definisjon av terrorisme. Enkelte arabiske land ønskjer òg å ramme såkalla statsterrorisme, dvs. valdshandlingar som er utførte av ein stat. Diskusjonen om terrorismedefinisjonen er dermed nært knytt til konflikten i Midtausten.

Noreg vil styrkje kampen mot terrorisme alle stader, same kven som utfører handlingane og kva som er motivet, og søkjer i forhandlingane å unngå løysingar som kan medverke til å legitimere handlingar ut frå at dei har ein særskild motivasjon (til dømes kamp mot ulovleg okkupasjon). På norsk side er vi òg av den oppfatninga at behandlinga av statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten enn i den internasjonale strafferetten.

9.3 Folkerettskommisjonen

Viktige spørsmål i rapporten frå Folkerettskommisjonen var mellom anna internasjonale organisasjonars ansvar, delte naturressursar, utvising av utlendingar, kva verknader væpna konflikter har på traktatar, plikta til å utlevere eller straffefølgje, reservasjonar mot traktatar, vern av individ ved katastrofar og tolking av traktatar over tid. Det vart halde fleire fellesnordiske innlegg under dagsordenspunktet om Folkerettskommisjonens rapport.

9.4 Universaljurisdiksjon

Universaljurisdiksjon kom inn på agendaen under den 64. generalforsamlinga. Universaljurisdiksjon er eit strafferettsleg konsept som omhandlar om ein stat skal ha høve til å straffefølgje utlendingar for handlingar som er utførte i utlandet. Dagsordenspunktet vart føreslått av den afrikanske gruppa i kjølvatnet av initiativ frå europeiske statar om arrestasjon og etterforsking av representantar for styresmaktene i enkelte afrikanske land under mistanke om deltaking i alvorlege straffbare handlingar. Den afrikanske gruppa godtek fullt ut at universaljurisdiksjon kan brukast for visse internasjonale brotsverk, men hevdar at

jurisdiksjonsgrunnlaget vert misbrukt av politiske grunnar av andre statar og som eit ulovleg inngrep i ein annan stats interne forhold. Det var særleg viktig for Noreg å påpeike at universaljurisdiksjon er eit viktig verkemiddel i kampen mot straffridom, til dømes der meir nærstående statar ikkje vil eller kan straffefølgje personar som er skuldige i alvorleg kriminalitet. Samtidig understreka Noreg at prinsippet, som alle andre rettslege prinsipp, sjølv sagt ikkje må misbrukast til politiske føremål eller som sjikane. Noreg deltok aktivt i resolusjonsforhandlingane for å unngå at universaljurisdiksjon som rettsleg grunnlag vert underminert eller kjem i vanry. Det vart til slutt vedteke å opprette ei arbeidsgruppe under neste generalforsamling som skal behandle temaet vidare. For Noreg var det viktig å bidra til at mandatet for gruppa ikkje har ei i utgangspunktet negativ vinkling. Dessutan ønskte Noreg å forhindre at arbeidsgruppa skal verte eit organ for traktattolking og diskusjon om innhaldet av folkerettslege forpliktingar.

Temaet rettsstatsprinsipp (rule of law) har stått på agendaen i 6. komité etter FN's toppmøte i 2005. Det er ei brei godkjenning av at dersom ein skal utvikle eller etterleve grunnleggjande menneskerettar, krev det respekt for eit sett av grunnleggjande rettslege normer, slik som kunngjering av lover, likskap for lova og fråvær av vilkårlegheit. Etter 2005 oppretta FN to organ som skulle sikre framdrift i og koordinering av arbeidet med rettsstatsprinsipp i FN. Den årlege debatten i 6. komité har diverre utvikla seg til å verte noko flokelprega, utan konkrete resultat. Når det under den 65. generalforsamlinga vart vedteke å halde ein høgnivådebatt om rettsstatsprinsipp under den 67. generalforsamlinga, er dette prisverdig først og fremst for å løfte statusen og verdien av innsatsen FN sjølv gjer for å styrkje etterlevinga av rettsstatsprinsipp i medlemslanda.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 6. mai 2011 om Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Noregs tale på FNs tusenårsmåltoppmøte, FNs generalforsamling, New York, 20. september 2010

Jens Stoltenberg, statsminister

President,

For ti år sidan underteikna eg tusenårserklæringa her i New York saman med andre verdsleiarar. Vi lovde å forbetre levekåra for millionar av menneske verda over. For første gong forplikta verdsleiarar seg konkret til å redusere fattigdom og gje tilgang til utdanning, helse og andre grunnleggjande tenester. Vi har fem år på oss til å innfri desse lovnadene.

Vi har gjort framsteg. Hundretals millionar er løfta ut av desperat fattigdom. Fleire barn enn nokon gong går på skulen. Millionar av liv har vorte redda gjennom vaksining og betre helse-tenester, reint vatn og betre sanitære forhold.

Vi ligg likevel etter skjema for å nå måla. Oppgåva har vorte endå vanskelegare på grunn av den globale finanskrisa, dei dramatiske konsekvensane av klimaendringane og den internasjonale matkrisa.

Mange land har ikkje oppfylt lovnadene sine. Meir enn ein prosent av Noregs bruttonasjonalinntekt vert sett av til utviklingsbistand. Og vi har forplikta oss til å halde oss på dette nivået. Eg oppmuntrar andre land til å følgje eksempelet vårt. Mange har kapasitet til å gjere det, òg i vanskelege økonomiske tider.

Eg oppmodar utviklingsland om å mobilisere ein større del av dei innanlandske ressursane sine. Ved å utvide skattegrunnlaget. Ved å kjempe mot korrupsjon. Ved å styrkje openheit og ansvarleggjering. Ein reknar med at ulovlege kapitalstraumar frå utviklingsland er verd seks gonger så mykje som den totale årlege utviklingsbistanden. Denne tappinga av vitale utviklingsressursar må stansast.

President,

Noreg er ein sterk tilhengar av alle tusenårsmåla. Vi har teke eit særleg ansvar for måla om å redusere dødstala blant barn og forbetre mødre-helsa. Dette er måla vi er lengst unna å nå. Men dei er innanfor rekkjevidde dersom verda gjer ein ekstra innsats.

Det står i vår makt å redde desse millionane av kvinner og barn innan 2015. Redde dei frå å døy av årsaker som lett kan førebyggjast. Berre ved å gje dei tilgang til grunnleggjande helsetenester, reint vatn og vaksiner. Tenester som alle barn i industri-land får som rein rutine. Dette er årsaka til at Noreg har tredobla bistanden til global helse sidan vi møttest her for ti år sidan.

President,

Vi har arbeidd med eit nettverk av internasjonale leiarar for å utvikle effektive tiltak for mødre-og barnehelse. Tiltak som påskjønner resultat. Gjevarar og skattebetalarar må sjå resultat av investeringane sine.

Samarbeidslanda må gjere sin del. For å få tilgang til nye og ekstra ressursar må dei utvikle hel-sevesenet sitt og yte grunnleggjande tenester til eigne borgarar. Helsa til befolkninga er avgjerande for den økonomiske helsa til nasjonen. Helse er ein sentral drivkraft i utviklinga.

Eg vil få heidre generalsekretæren for leiar-skapen han har synt for å få den samla innsatsen vår opp på eit nytt nivå. Den globale strategien for kvinne- og barnehelse fortener å få vår heile og fulle støtte. Eg oppmodar alle land og leiarar som er samla her denne veka, om å støtte strategien med konkrete politiske og økonomiske forpliktingar.

President,

Tusenårsmåla kan ikkje sjåast isolert frå klimaendringar, væpna konflikt og styrking av kvinners stilling.

Alle land vil verte ramma av klimaendringane. Men dei mest sårbare, dei fattigaste landa og

Noregs deltaking i den 65. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 64. generalforsamlinga i FN

folka, dei som har bidrege minst til årsakene til klimaendringane, er dei som vil lide mest.

Det er i regionar som er ramma av væpna konflikt og vald at vi har gjort minst framsteg.

Og vi veit at den viktigaste enkeltfaktoren for å skape endringar er å styrkje kvinnene si stilling.

Vi må halde dei høgtidelege løfta vi gav for ti år sidan her i New York, og vi må byggje vidare på visjonane i FN-pakta, som er fylt av så mykje håp.

Takk.

Vedlegg 2

Noregs hovudinnlegg i FN's 65. generalforsamling, New York, 29. september 2010

*Tine Mørch Smith, ambassadør,
Fungerande fast representant*

President, eksellensar,

I førre veke stadfesta vi at vi framleis forpliktar oss til tusenårsmåla. Vi vart samde om å styrkje innsatsen. Utviklingslanda sjølve har hovudansvaret for å nå tusenårsmåla, og verdssamfunnet har eit ansvar for å hjelpe dei gjennom bistand og eventuelt gjeldslette. Noreg er og vil halde fram å vere ein solid og påliteleg samarbeidspartnar for utvikling. Vi skal halde bistanden vår på det høge nivået han er i dag, mellom anna med den omfattande støtta vi gjev gjennom FN-fonda og FN-programma.

I år er vi særleg glade for å sjå at det er sterk støtte for å forbetre mødrehelsa og redusere dødstala blant barn, måla der vi har att mest arbeid. Noreg vil samarbeide med generalsekretæren for å sikre at den globale strategien hans for kvinne- og barnehelse vert omsett i handling i felten.

Dei mange vellukka og inspirerande møta i førre veke syner òg at utfordringane verda står overfor, som er av ein stadig meir internasjonal karakter, må løysast i inkluderande globale fora. Det inneber at vi må gå i dialog med andre, ofte med dei som har andre synspunkt. FN er ikkje oppretta for å støtte ulike leiarar i meiningane deira – det er ein stad der skilnader skal fram i lyset og overvinnast. Det er difor sær sars upassande når dette podiet vert misbrukt til å fremje ekstreme synspunkt eller ugrunna påstandar. Utfordringane som ligg framfor oss, er for store til at vi kan tillate at vi vert avspora av forsøk på å skape konflikt. Vi må aldri gløyme at vi er eit verdssamfunn i kraft av dei felles farane som står framfor oss, dei felles truslane som utfordrar oss, og dei felles verdiane som knyter oss saman.

President,

Klimaendringane truar alt vi ønskjer oss, både sosialt og økonomisk. La meg få peike på to viktige og dynamiske prosessar som er blant dei mest lovande i arbeidet for å kome fram til resultat

i Cancun: reduserte utslepp frå avskoging og finansiering.

Den rådgjevande gruppa til generalsekretæren om finansiering av klimatiltak, som den norske statsministeren leier saman med den etiopiske statsministeren, arbeider intenst for å kartleggje finansieringskjelder slik at vi kan skaffe midlane vi forplikta oss til i København. Vi må definere tenlege og akseptable kjelder, både private og offentlege, og medverke til å bane veg for ein ny internasjonal klimaavtale. Vi oppmodar dykk alle om å lese rapporten som kjem i haust, med eit ope sinn og byggje på det viktige arbeidet som vert gjort på initiativ frå generalsekretæren, når vi førebur oss på Cancun og tida etter.

Noreg leier støtteordningar for å redusere utslepp frå avskoging. På Bali i 2007 lovde Noreg å gje opptil USD 500 millionar kvart år for å stanse avskoginga. Vi samarbeider med sentrale partnarar som Brasil, Indonesia og Guyana for å utvikle konkrete måtar å gjennomføre dette på i praksis. Slike tiltak er effektive for å avgrense skaden og gjev sterke insentiv for ny og ytterlegare finansiering for utviklingsland. Dei trer i kraft med det same. Eg oppmodar andre land om å verte med på denne store innsatsen.

President,

For ti år sidan stadfesta vi koplinga mellom dei tre søylene i FN: utvikling, tryggleik og menneskerettar. Menneskerettar er ein integrert del av FN's visjon og FN-pakta, og dette perspektivet bør takast med i arbeidet FN gjer på alle område, slik denne forsamlinga tidlegare har oppmoda om. Noreg vil halde fram med å vere aktiv i Menneskerettsrådet, og vi vil fremje ei menneskerettsbasert tilnærming i utviklingsarbeidet FN gjer. Vi vil halde fram å samarbeide med partnarland frå nord og sør for å nå dette målet, slik vi gjorde det i førre veke med Trygve Lie-symposiet om grunnleggjande rettar og fridomar, som fokuserte på næringsliv og menneskerettar.

I år feirar vi òg tiårsjubileet for ein annan viktig byggjestein i FN: tryggingsrådsresolusjon 1325

om kvinner, fred og tryggleik. Når vi styrkjer stillinga til kvinner, er det ikkje berre ein sentral faktor i berekraftig utvikling, men òg i berekraftig fred. Det er på tide å innfri forpliktingane vi har påteke oss, og følgje opp lovnader som vil gjere det mogeleg for kvinner å spele ei aktiv rolle i situasjonar som gjeld liv og død, ikkje berre for dei sjølve, men for familiare, lokalsamfunna og til og med nasjonane deira. Når vi gjer opp status i oktober, må vi fokusere på tiltaka som er sette i verk, og framfor alt på tiltaka som må setjast i verk.

President,

Noreg vil få gjenta visjonen som president Obama uttrykte her i denne forsamlinga – håpet om at vi i nær framtid vil få ein avtale som vil føre til at FN får ein ny medlem: ein uavhengig, sjølvstendig palestinsk stat.

Gjeverlandsgruppa AHLIC, som vert leidd av Noreg, har bedt om hjelp til dei palestinske styresmaktene med å gjennomføre programmet til den trettande regjeringa for å få fullført oppbygginga av ein palestinsk stat, med omsyn til både institusjonsbygging og utvikling av ein berekraftig palestinsk økonomi. Gjeverlanda ser positivt på rapportane den siste tida om at gjennomføringa av reformene auka farten i det første halvåret av 2010. Verdsbanken har fastslått at viss dei palestinske styresmaktene held tempoet oppe, ligg dei godt an til å få oppretta ein stat i nær framtid.

Det er avgjerande at denne framgangen vert spegla av framgang i fredsforhandlingane. Noreg ser positivt på at det tidlegare denne månaden vart sett i gang nye direkte bilaterale forhandlingar for å få slutt på konflikten mellom Israel og Palestina. Vi seier oss leie for at Israel ikkje har forlenga stansen i bygging av busetjingar. Noreg stadfestar det sterke engasjementet sitt for tostatsløysinga, og vi vil halde fram å støtte forhandlingane ved å sikre fullt samsvar med pliktene i vegkartet og gje hjelp til den palestinske statsbyggingprosessen.

